


Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2017 - ÅRGANG 32



Johs Fossheim



Eirik Hjelmbrække



Karl Ove Knausgård



Håvard Reme

Innhald:

Då kupestutane rådde grunnen i fjellet	Jan Asle Bolset	4
Nikolai Astrup	Karl Ove Knausgård	7
Frå Jølster Mållag	Ingrid Søyland	9
Kjære framtidige meg ...	Sverre Årdal.....	10
Glasbobla	Sofie Årdal	11
Toppturar i Sunnfjord	Anne Cecilie Kapstad	12
Nokre tankar om Olav Befring	Kaare Aksnes	16
«Du sådde, og sædet har grodd ...»	Kristian Fosshem	17
Målmannen Eirik Hjelmbrække	Hallstein Dvergsdal.....	23
Bjergja	Kjartan Myklebust	25
Fjella i Jølster	Norunn Hov	26
Noregs største boksuksess	Jonas Helge Torsheim.....	28
Håvard Rem på vitjing i Astruptunet	Hallstein Dvergsdal.....	34



Kjære lesar!

Eit nytt år er snart til endes, og det er tid for litt tilbakeblikk og refleksjon. Dei fleste vil sikkert vere samde i at vi har hatt ein våt og kjøleg sommar og haust. Slikt får konsekvensar for både det eine og det andre. Bøndene har slite med vanskelege innhaustingstilhøve og reduserte avlingar, og reiseoperatørane har vore flittig sysselsette med å frakte jølstringar og andre til sørlegare og meir solrike strender enn det som har vore å finne langs Jølstravatnet i sommar.

Elles har den lokale andedammen vore prega av kommunereform og sterke meiningar for eller mot den vedtekte kommunesamanslåinga i indre Sunnfjord. Dei som har fått i oppgåve å sy saman den nye kommunen, den såkalla fellesnemnda, klarte ikkje å bli samde om namn på den nye kommunen, så det lyt statsråd Sanner bestemme. No skal dei bestemme kommunevåpen og ordførarkjede, garantert ikkje noko enklare oppgåve.

Vi har også ei regionreform på gang, også den omstridd. Men ikkje meir omstridd enn at dei to fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland nesten samrøystes presterte å kalle det nye fylket for Vestlandet. Stort meir fantasilaust går det neppe an å prestere, noko Sogn og Fjordane Mållag gjorde dei to fylkesordførarane merksame på før namnet vart vedteke. Mållaget ville ha Bjørgvin som namn og grunngav det med at namnet har sterke historiske bindingar til regionen og at bispedømet som omfattar dei to fylka heiter Bjørgvin.

Han som styrer og rår i Bjørgvin, biskop Hallvor Nordhaug, var i haust på visitas i Jølster. Biskopen brukte fleire dagar på å sjå kyrkja og kommunen i korta. Tilbakemeldinga frå det geistlege overhovudet var at det meste er på stell i Astrup-bygda både når det gjeld kyrkja, kristenlivet og kommunen elles. Det han var mest kritisk til var altertavla i Helgheimskyrkja, eit «kunstverk» han helst hadde vore forutan.

Under bispevisitasen besøkte Hallvor Nordhaug asylmottaket på Skei der han fekk høyre litt om kva utfordringar som ventar dei tilsette, i tillegg til å få innsyn i nokre av mange lagnader som har fått ei midlertidig hamn



på mottaket. Asylmottaket på Vassenden vart nedlagt i sommar og no er det også slutt på Skei. Det var ein del bråk og motstand då desse mottaka vart etablerte, og jammen vart det støy også når dei vart nedlagde.

Jølst har i år ei fin blanding av nye og gamle travarar på forfatarlista. Artiklane er både lange og korte og dei varierer frå skildring av fjell og skiturar til biografiar om jølstringar som har gjort ein innsats for bygda, eit fag eller ei sak, som til dømes målsaka.

Redaksjonen håpar at bladet fell i smak og at innfødde og utflytte jølstringar, i tillegg til andre som måtte få bladet i hende, finn noko dei kan kose seg med i jula som også i år kjem like fort og overraskande som elles. Redaksjonen er også svært takksame for stoff til bladet som vi håpar dukkar opp også neste år.

Ei riktig god jul og eit spennande nytt år til alle.

H.D.

REDAKSJONEN I JØLST:

Hallstein Dvergsdal, redaktør
Einar Gautefall
Reidun Støfring
Jan Asle Bolset
Svein-Olav Sandnes

STYRET I JØLSTER MÅLLAG:

Ingrid Søyland, leiar
Maria Sture, nestleiar
Ola Kongsvik, skrivar
Einar Gautefall, kasserar
Siw Falkenstein

ADRESSA TIL MÅLLAGET:

Jølster Mållag
v/Einar Gautefall
6843 Skei i Jølster

[www.facebook.com / Jølster-mållag](http://www.facebook.com/Jolster-mallag)

Då kupestutane rådde grunnen i fjellet

Av Jan Asle Bolset



Bjørn Årdal klappar uksen Kongo ved Kupehytta ca. 1960. Elles f.v. Anders Erikstad, Jon Erikstad og Torleiv Årdal. Foto: Bjarne Erikstad.

For dei fleste i Jølster er saga om Kupestutane eit ukjent kapittel. Nokre jølstringar har kunnskap og minne om då lagsstutane gjekk på sommararbeite i Årdalskupa. Vi har snakka med nokre av dei og presenterer no den fasinierende saga om då stutane regjerte grunnen i Kupa. Tradisjonen med uksar på beite i Årdalskupa starta truleg før 1900-talet og varde heilt fram til tidleg på 60-talet.

Gunnar Årdal og Jon Erikstad, begge over 80 år i dag, var med på eventyret når lagsuksar skulle leiast inn i Kupa til ein lang beitesommar. Historiene og opplevingane er mange, og sit godt spikra i minna til begge to.

Uksen var viktig

Før kunstig sædoverføring tok over bedekning av kyr på 60-talet, var naturmetoden med ukseparing eine-råd-ande. Ein god stut var nesten like viktig som ei god alemerr. For å spare kostnader, og dessutan nytte stutane best mogeleg, gjekk bøndene i lag og danna egne feavls-lag. I Jølster var der opptil fleire lag, i bygdene kring like-ins. Om vinteren sto stutane på bås hjå bøndene i laget.

Når tida var komen for å få kalv i kyrne vart desse leidde til faste oppstillingsfjøsar, der uksane sto klar til å utøve det som var deira gjerning her på jord: Paring av kyr.

I kupa samla dei seg

Etter ein lang vinter og ein kort vår, kom tida då stutane skulle på sommararbeite. I juni/juli vart stutane frakta til Årdalen i Jølster. Der venta ein lang marsj opp og rundt Stegsvatnet før paradiset med eirgrønt gras kunne nåast – Kupa.

Det kom stutar frå heile fylket for å gå på sommararbeite i Årdalskupa. Dei næraste vart leidde heile vegen til Årdalen, medan langvegsfarande oksar kom på bilar. Det var store, prektige dyr, utstyrt med nasering for i det heile å kunne handtere dei. Dei hadde flotte namn slik som Gullpan, ein stri kar som ikkje veik ein tomme for noko eller nokon. Langvin jordbruksskule hadde oxen List. Andre bar namn som Knektar, Breibasen og Mildar.

Lokale driftekarar

Det var lokale karar frå Årdalen som hadde ansvaret for marsjen opp til Kupa. Beitetilsyn og heimjaging om

*Eksempel på kupestutar
på grønt gras.
Foto: Bjarne Erikstad.*



hausten vart òg gjort av lokale karar. Turen opp rundt Stegsvatnet var ikkje ufarleg. Store, tunge dyr gjekk rett som det var gjennom snøbruer, og stundom miste nokre av dyra fotfeste på den bratte og harde snøfonna. I 1955 vart råka under Stegen utskote. Då byrja ein å jage stutane på vatnet slik at dei kunne symje vatnet forbi dei bratte snøfennene under Stegen. Då styrde ein oksane med tau både frå båt og frå land.

Uhell

Fleire gonger gjekk det gale. Eit år braut Ålhusstuten foten og laut skytast. Det vart mange tunge bærer med kjøt som vart bore ned frå Kupa. Berre huda åleine var ei bær i seg sjølv. Eit år gjekk det gale med Ysteteigoksen. Oksen var i feitaste laget og var vanskeleg til å få til å gå. På turen inn langs vatnet tok oksen brått ut og gjekk gjennom snøen og sette seg fast. Til slutt fekk ein løyst oksen, men han hadde fått ei sårflengje i låret og laut setjast att til dagen etter. Då reiste to årdølingar inn for å sjå til stuten. Med seg hadde dei ei flaske med dyrlegesprit som skulle nyttast til reinsing av uksen sitt sår. Etter å ha fått

uksen velberga over Stegen og ned ukseråka til Kupa, vart dei råka av torevêr og laut søkje ly under ein stor stein. Her enda dyrlegespriten sine dagar, då karane meinte dei trengde den meir enn Ysteteigoksen.

Ikkje alle ville gå

Torleiv i Mosestunet tok som regel den største oksen når han var med. Ein gong fekk han ein som ikkje ville gå. Jon Erikstad var med og han ville hjelpe til. Han fann ein fjølende som han rappa til oksen med. Då tok oksen ut i full galopp, med Torleiven på slep. Etter å ha sprunge

5



F.v.: Olav Oppheim, ukjend, Jon Årdal, Ola Bolset, Jon Bolset, Anders T. Årdal og Jostein Jordanger. Biletet er frå Kupehytta ca. 1950. Fotograf ukjend.



6

På veg opp snøfonna til Stegen med uksedrift. Fremst går Ola Bolset. Fotograf ukjend.

gjennom eit orekjerr hekta nisteskreppa seg opp og mjølkeflaska miste korken slik at for kvart steg Torleiven sprang etter uksen sto ein geysir av mjølk opp i lufta.

– Dette synet hadde gjort seg på film, seier Jon Erikstad.

Vel framme i Årdalskupa rådde Kupestatane grunnen heile sommaren. Dei gjekk i flokk, men slåsting om rangen innbyrdes kunne føre til at nokre uksar vart utstøyt og beitte åleine resten av sommaren. Mange fekk ublide møte med stutane. Ikkje sjeldan vart folk jaga og måtte ta dekning på steinar og liknande. Utruleg nok vart ikkje nokon alvorleg skadde, men at Kupestatane var frykta og kunne vere skremmande, er heilt sikkert.

Ikkje å spøkje med

Stutane kunne skubbe fortøygde båtar på vatnet, og når dei gjekk rundt hyttene og gnika hovuda mot veggjar og barduner, slo nok hjartet litt fortare hjå dei som var på innsida. Det hende at uksar som skapte seg ville, rett og slett måtte skytast.

I september, i god tid før sauesankinga tok til, vart Kupestatane samla og jaga ut av Kupa og ned til Lege-støylen og vidare fram gjennom dalen til Kloppene. Her var eigarane møtte opp med bilar for å hente heim sine uksar. Her vart dei jaga inn i ein gardsfjøs, 4–5 i gongen, lagde band på og frakta heim. Gunnar Årdal fortel om ein gong han var med og jaga heim 27 Kupestatar. Då dei var komne fram eit stykke på vegen frå Legestøylen, stogga flokken opp og ville ikkje gå vidare. Torleiv i Mosestunet gjekk fram og ville ordne opp og få dyra vidare. Brått vart han kasta høgt opp i lufta og utfor vegen av ein av oksa-

ne. Dette var ein som Torleiven hadde kasta vatn på tidlegare, inne i Kupa, som no tok hemn. Torleiven kom uskadd ifrå det.

Farne tider

Det må ha vore litt av eit syn å sjå Kupestatane beite inne i høgjellet i Kupa. For oss som ikkje har sett det, kan vi berre nytte fantasien når vi er på tur i Årdalskupa. Late att augo å sjå føre oss 20–30 uksar i Blåskaret eller rundt hyttene og langsmed vatnet.

Ein ting er sikkert. Kupa er ein tryggare plass utan stutane. Til samanlikning er det å møte ein inseminør eller fleire på søndagstur i Kupa, fullstendig harmlaust.

WWW.ISTAND.NO TLF.: 45 00 47 00



iSTAND

Nikolai Astrup

Av Karl Ove Knausgård. Frå boka «Om vinteren». Forlaget Oktober 2015



Knausgård i Prestegarden: Prestegarden og bautasteinen til minne om Nikolai Astrup. Det var i denne bakken Karl Ove Knausgård var på aketur med ungane.

Teksten er trykt i Jølst med løyve frå forfattaren og er omsett til nynorsk av redaksjonen. Karl Ove Knausgård har sterke slektsband til Jølster og mormora hans var her i frå. I dag bur mor hans i bygda og Karl Ove er ofte i Jølster. Sommaren 2010 arrangerte Jølster Mållag eit møte med forfattaren på Eikaasgalleriet, eit arrangement som knuste alle publikumsrekordar og samla menneske frå store deler av Sør-Noreg.

Vi er på besøk hos mor mi på Ålhus i Jølster. Huset hennar ligg eit steinkast frå prestegarden der målaren Nikolai Astrup vaks opp, og i dag gjekk eg dit med ungane for å ake. Dei fekk ein snowracer siste jul, som har stått her sidan då, og med den slepande etter baksa vi oss gjennom djupsnøen opp den slake skråninga, til gjerdet utanfor prestegarden, der løypa vår starta.

Alt vi såg hadde Astrup måla. Prestegardshuset, med sine skimrande kvite vegger, hagen utanfor, kyrkja nedanfor, dalen innanfor, fjella bakanfor. Og det er ikkje kva bilete som helst, men bilete glødande av fargar og forenklingar av flater som gir dei ei enorm utstråling, og som ingen annan kunst eller litteratur frå denne landsdelen har vore i nærleiken av. Bileta hans er helt utan psykologi,

noko som skilde Astrup frå hans samtidige Munch, dei utstrålar korkje einsemd eller vitalitet, det nedstemde eller oppstemde, men er likesom avskorne frå kjenslene til han som måla, utan at dei av den grunn søker seg mot landskapet sjølv, for å likesom fange essensen av det, eller dei kjenslene det kan avgje.

Sjølv om Astrup budde i Jølster så godt som heile sitt liv og omtrent berre måla motiv herifrå, er det heller ikkje noko fortruleg som pregar bileta; ingen av dei kunne ha heitt «Frå mi heimbygd», sjølv om alle var nettopp det. Derfor kunne eg bakse rundt i snøen med ungane, omgjeven av Astrup-motiv på alle kantar, utan ein einaste gong å tenkje på det. Det var ikkje fordi at han måla dei for hundre år sidan; bortsett frå den sterkt trafikkerte vegen som går forbi, og eitt og anna nytt hus, var, er nesten alt her som det var den gongen. Det landskapet som snøen fall så tungt og blautt over på denne blygrå føremiddagen, var det same som han hadde måla, både forma på fjella, som forsvann opp i det låge skydekket og den grå vassflata, som no nesten ikkje var til å skilje frå tåka som hang over den, men likevel var det som om ingen berøringspunkt fanst.

Vi gjekk inn allereie etter en snau time, borna var ut-

køyrde, ikkje vane til å vere ute så lenge om gongen, i alle fall ikkje på den måten, og eg tenkte på då eg sjølv var liten, kor vi var ute frå morgon til kveld og ikkje gjekk inn før mørkret var så tett at vi knapt såg kvarandre. Ei skugge av sorg følgde, men den måtte komme frå min tapte barndom, ikkje deira, for dei var ganske glade der dei med varme ansikt sparka av seg støvlettane og hengde dei våte overtrekksbuksene opp på knaggen før dei forsvann inn til iPadane sine.

Etter middagen vart eg sittande og sjå på bokhylla til mora mi, trekte etter ei stund ut ei bok om Astrup, byrja å bla i den. Det var då det slo meg at han hadde måla heile denne verda, og at eg hadde vakse opp med desse bileta – vi hadde en reproduksjon hengande heime, og mormor

og morfar hadde ein annan i stova – utan at det nokon gong hadde prega mi oppleving av den. Det var som om han hadde måla i eit parallelt univers, ei verd som eksisterte side om side med denne. I boka stod det at han omhyggeleg hadde skrive ned alt han kunne sjå frå prestegarden, i ei notatbok. Busk etter busk, tre etter tre, hus etter hus, uthus etter uthus. Men berre dei som hadde stått der i barndommen hans. Alt som hadde komme til seinare, var utelate. Var det det parallele universet? Var det det han måla? Barndommen er berre eit djup om ein står langt frå den. Står ein i den, er barndommen flater og fargar, og for Astrup må den ha vore som sett gjennom eit vindauge han pressa ansiktet mot.

Gammalt frå Jølster

Julaftan måtte dei hugse å fare rundt med tjørebudden og setje kross på alle dører. Så måtte dei ha sigd i halmstålet, ljå i høystålet og stål over stall- og fjøsdøra. Ein mann i Fluge-grenda hadde ikkje sett øksa over stalldøra ein julaftan, men den julemorgonen stod hesten vaskande våt i stallen – han hadde vore brukt om natta.

Gammalt frå Jølster

Før i tida laut dei gjete både kyrne og sauene, elles tok bjørnen og gråbeinen dei. Men dei som gjette for han gamle-Per Fluge, greidde 'kje alltid å ta alle geitene heim med seg; bjørnen tok ei og anna. Det var mest så han arga seg over dette, han Per, at dei ikkje skulle klare å berga beista når dei følgde med flokken heile dagen.

Så skulle han av stad sjølv ein dag. Han fór innover alle fjella, like inn i Botnemarka. Då han kom fram att i Styggelia, hørde han ei geit som brekte so, og då han sprang bort og skulle sjå kva det var, stod bjørnen der og hadde fått ei geit under seg. Han Per hadde 'kje noko å slå med, men han tenkte det at hadde han hatt grevet som var framme på stølen, skulle han smit bjørnen. Skorne hadde han stoppa ned i sokkane og bar dei på herdane. Han stod og duste på om han skulle klesse til bjørnen med sokkane, men var redd han ikkje greidde å svime han med det, og let det vere.

Då kom han på at bjørnen skulle vere redd hundar. Så gjekk han eit stykke ifrå og tok til å husje: «Husj tak 'an! Husj tak 'an!» Då slapp bjørnen geita og gjekk bort i bakken og sette seg, og han Per tok geita og fekk henne i lag med dei andre. Han var ikkje redd før han kom fram på stølen, men då var han så redd at han skalv.

Når nokon sidan gjette vekk noko, kalla dei det «Per-gjelsja».

Frå Jølster Mållag

Av Ingrid Søyland, leiar

Som vanleg har Jølst-redaksjonen arbeidd godt og grundig med bladet. Dette er vi i styret svært glade for, og vi veit at bladet har gode, varierte tekstar – noko for ein kvar smak. Bladet Jølst er vårt tydelegaste ansikt ut til bygda.

I år har mållaget fått ny leiar og fleire nye styremed-lemer. På styremøta har vi m.a. diskutert måtar å fremje målsaka på. I Sogn og Fjordane står nynorsken sterkt, og mange meiner det er unødvendig å drive målsak her. Men vi ser korleis bokmålet snik seg inn frå mange kantar. Rundskriv til kommunen frå departementa kjem så å seie alltid på bokmål. Nytt skjema for blodgjeving har berre kome på bokmål, «fordi dei ikkje har sett det om til nynorsk enno». Dette er brot på mållova, og tydeleg døme på at vi må vere vakne og på vakt heile tida. Dessutan kan arbeidet vårt vere til hjelp i andre distrikt, der nynorsken står svakare.

Vi hadde stand på aurefesten og på Din Jølsterdag, der vi baud fram ymse mållagsmateriell, verva nye medlemer og hadde mange hyggelege samtalar med folk frå nær og fjern.

Mållaget har kjøpt nynorsk bokpakke frå Samlaget til alle barnehagane i kommunen: Desse bøkene er best eigna for dei aller yngste. Vi håper å ha økonomi til å spandere bøker på dei eldste i barnehagane òg.

Vi har kjøpt inn T-skjorter med trykk (eit lokalt fyndord!). Desse er til sals. Vi har allereie nytta av dei til premiar på Din Jølsterdag, og til elevar som sende inn tekstar til Jølst. 10.-klassingar på begge skulane var invitert til å skrive, og vi fekk inn fire tekstar frå Skei. Tekstane de kan lese i Jølst, vart premierte med pengar, dei andre fekk T-skjorte.

Jølster Mållag har eiga Facebook-side!

Bokdagen i år vert todelt: Bokkveld 1. desember i Haugtun, Stardalen, og bokdag 2. desember i Eikås Ungdomshus. Begge stader får vi konsert med Erlend Apneseth og Erlend Nødtvedt, attåt lansering av Jølst og bokpresentasjonar frå lokale forlag. Mat, kaffi og god «søge» høyrer sjølvsgagt med. Desse tilstellingane er i samarbeid med Rom for Ord.

Vi ønskjer oss fleire medlemer! Send NYNORSK til tlf. 2490, eller vend deg til nokon i styret: Maria Sture, Siw



Slik ser dei nye T-skjortene til Jølster Mållag ut.

Falkenstein og Einar Gautefall, alle adresse Skei, eller Ingrid Søyland og Ola Kongsvik, Vassenden. De er hjarteleg velkomne!

Dei nye T-skjortene til Jølster Mållag er til sals. Kontakt mållaget.

Dialektkonkurransen på «Din Jølsterdag»

Jølster Mållag hadde stand laurdagen under messedagane og ein av aktivitetane var ein dialektkonkurransen.

Vinnar i klassen for vaksne vart:
Britt Krøvel Flatjord.

Premie for barn, aktivitetsarket
Bertine Hauge Angedal.

Premien er ei av dei nye t-skjortene vi har fått laga, med teksten «Da døje`kje uprøvd».


Skrivekonkurranse for skulane

Jølster Mållag inviterte etter skulestart elevane i 10. klasse til å vere med på ein skrivekonkurranse. Tema skulle vere tankar om framtida ved terskelen til eit vakse liv.

Mållaget fekk inn tekstar berre frå Skei skule, og styret har plukka ut desse to til å vere med i årets utgåve av Jølst. Premien er 500 kroner til kvar.

Dei andre som var med får t-skjorte med dialektord frå Jølster. Vi gratulerer vinnarane og ønskjer både dei og andre unge velkomne som framtidige forfattarar i Jølst.

Red.



Kjære framtidige meg ...

Av Sverre Årdal

10

Om du les dette, så har du nok funne dine gamle dokument på ein pc. Du er nok godt vaksen no, og veit kva du vil gjere med ditt liv. Då eg skreiv dette brevet, i ca. 15-års alderen, hadde eg inga aning om kva eg ville bli.

Min draum som ungdom, som du sikkert hugsar, var jo alltid å bli ein You Tuber, og ha vennar frå heile verda. Du rekk kanskje ikkje å svare på dette brevet, men eg håpar du har fått deg ein godt betalt jobb, eller i det minste ein kjekk jobb.

Eg veit ikkje korleis du har det no, om du bur åleine ut på landet, eller om du har fått deg en kjæraste i ein storby, det drit eg eigentleg i. Det som interesserer meg, er om du har gitt opp på barndomsdraumane dine. Har du klart å bli stor på nettet? Er du blitt noko betre i fotball? Har du vennar som alltid stiller opp for deg? Det er aldri for seint å oppfylle draumane dine, uansett kor liten du føler deg i forhold til andre. Jobb hardt og ver positiv, og du kan klare alt. Du klarer å bli ein kjent person frå YouTube. Du klarer å få deg ein six-pack. Du kan enkelt få deg uendeleg mange vennar. Berre tru på deg sjølv.

Okei, kanskje eg bryr meg litt om du har fått deg noko skikkeleg dame. Kjenner eg meg sjølv rett, så har ho nok grov humor som meg sjølv og har eit fjes du berre kan sitte å sjå på i ein evigheit. Kan hende du til og med har ungar no, i så fall håpar eg du har gitt dei skikkeleg kule namn. Om det er gut, så blir det mellom Kristian, Mathias eller Oscar. Om det er jente enten Sofie eller Marit eller liknande. Viss du ikkje har noko slikt blir eg litt skuffa over meg sjølv. Husk å ikkje gi opp på dei i det minste, sjølv om eg veit ungar kan vere noko drit av og til.

No når eg skriv dette brevet, så har vi fortsatt grøn og fin natur, og eg bur i Årdalen endå. Verda snakkar om


global oppvarming og korleis menneska kjem til å ende opp med å utslette kvarandre. Er det noko endring i din tid? Har det vore krig eller noko katastrofale hendingar? Ver glad for at du bur der du gjer, og ikkje i USA for eksempel. For viss USA fortset slik det gjer no, tippar eg dei har minst vore i krig med tre ulike land etter eg har skrive dette til du les no.

Men uansett, så håpar eg du har fått deg eit fint liv, med mange gode personar rundt deg. Forbli den omtenk-same og kule fyren som du alltid har vore, og du kjem til å klare deg fint. Lykke til, og lev livet!

Frå me, myself and I ...

WWW.ISTAND.NO

TLF.: 45 00 47 00



Glasbobla

Av Sofie Årdal

Medan han gjekk der på skulevegen såg han noko som reflekterte dei små lysstrålane til sola som skein gjennom det oksygenlagande glaset. Fotstega stoppa opp og han bøygde seg ned og plukka opp den blinke tingen.

«Kasper! Kvar er du?» ropte ei stemme som kom nærmare og nærmare. Fort, utan å tenkje, tar han boksen og legg den opp i ranselen. Heile den dagen kunne han ikkje tenkje på anna enn Aden mystiske boksen. Ikkje før han var heilt åleine på rommet sitt opna han opp sekken og tok ut metallboksen. Den var skitten og full av jord, så Kasper henta ein mikrofiber-klut frå den elektriske hushjelpa, og begynte å tørke av den. Litt etter litt kunne han sjå at det gjekk å opne boksen. Men det var noko som såg ut som små metallgreier som heldt den igjen. Han studerte dei små, rusta metallstengene, og det såg ut som om det var innskore ei stjerne på toppen av dei. Han bruka mykje tid og krefter på å opne boksen. Inni låg det eit lite, samanbretta papir.

«28. august 2017», las Kasper. Med første augekast såg han at skrifta var noko han aldri hadde sett før, det måtte vere skrive for hand.

«Hei, eg heiter Amalie og er 17 år. Året er 2017, og miljøet og klimaendringar er eit stort problem. Rundt oss har vi blant anna mykje skog, grønne plantar og tre, mange ulike dyreartar og isbrear. Dei problema som oppstår er at vi hogg ned så utruleg mykje skog for at det skal brukast til material, oppvarming, møblar og til å lage store mengder papir. Men det som tre og eigentleg alle andre plantar blir brukt og trengst til er fotosyntesen; vi må ha oksygen-gass for å klare å leve på jorda, og det får vi ikkje nok av utan plantar. Kva kjem til å skje når menneska har hogg ned all skogen? Alle moglege artar kjem til å dø. Det kjem nesten ikkje til å vere liv att på jorda.»

«Fotosyntesen? Eg skjønner ikkje kva ho snakkar om, tre og oksygen-gass...». Han legg brevet ned og begynner å spørje internett om kva dei tre tinga er for noko. Den talande maskina gir frå seg info og nokre bilete kjem opp på ein skjerm. Kasper ser store, grønne ting som veks opp frå bakken. Etter å ha skjønnt kva fotosyntese er og kva nytte den har, tenkjer han at Amalie hadde rett. «Den store glasbobla som lagar oksygen har nok ikkje alltid vore over alle husa våre. Tenk å kunne gå der ein ville utan å tenkje på om ein var innanfor eller utanfor oksygenbobla!». Kasper les vidare i brevet:

«Forbrenninga av fossile brennstoff, kol, olje, gass og karbondioksidgassutsleppet er enormt. Vi menneske slepper ut totalt 70 millionar tonn med karbondioksidgass i døgn! Atmosfæren er tynn og blir lett påverka. Dette fører til global oppvarming som gjer at dei store isbreane smeltar og havnivået stig. Isbjørnen er blitt ut-

ryddingstruga på grunn av all smeltinga, og land som Danmark og Nederland kjem til å ligge under vatn om smeltinga fortset.»

Ho brukar mange rare ord i det ho skriv, tenkjer Kasper. «Kva er ein isbre, eller ein isbjørn? Danmark og Nederland er heller ikkje land som eksisterer, og atmosfæren, er det det same som oksygenbobla som vi har?»


«Eg merkar sjølv at sommarane er blitt kaldare og våtare, og vinteren mildare. Det kjem nesten ikkje snø lenger og heller aldri sol. Men ting ordnar seg sikkert på eit eller anna vis. Kanskje.»

11

Velkommen til Jølster Panorama – i verdas vakraste ramme!



Jølster Panorama er ein idyllisk, ny og moderne campingplass som ligg i vasskanten av Jølstravatnet. Vi har 40 oppstillingsplassar for camping og telt og nytt og moderne sanitærbygg. Vi kan tilby båtutleige og sløyerom. I tillegg både sel vi, og leiger ut fiskeutstyr. Fiskekort kan du kjøpe hos oss.



På Jølster Panorama kan du sitte på takerassen og nyte den fantastiske utsikten over Jølstravatnet og fjella ikring. Du kan dyppe føtene i vatnet, og nyte stunda, rett og slett. Ver velkommen!

jolsterpanorama.no
Jølster Panorama
malene@essoskei.no
Tlf. 57 72 82 34


JØLSTER PANORAMA
CAMPINGGLEDE I VASSKANTEN

Toppturar i Sunnfjord

Av: Prosjektgruppa bak Toppturar i Sunnfjord, ved Anne Cecilie Kapstad



Ein av toppane som er omtala i boka er Sygnesandsnipa. Foto: Olav Sægrov.

For ein måned sidan kom boka «Toppturar i Sunnfjord» ut på forlaget Fri Flyt. Toppturboka vil guide deg til 67 av dei flottaste fjella i Sunnfjord, der du kan velje mellom 136 ruter i Førde, Gaular, Naustdal og Jølster.

Bak boka står ein gjeng lokale toppturentusiastar som kjenner fjella og forholda i Sunnfjord godt. Toppturar i Sunnfjord presenterer derfor ei rikhaldig breidde av vegval.

Nytt og gammalt

Her finn du alt frå kjende klassikarar til heilt «nye» toppar og ruter, eksponerte renner og gode nybyrjar- og

familieturar. I eigne kapittel delar forfattarane òg kunnskap om skred og ferdsel i vinterfjellet, og gir eit tilbakeblikk i ski- og fjellhistoria i området. I tillegg er det pussa støv av nokre kjende og lange fjellskiturar, og «Sunnfjorderuta» som går over tre dagar via fire ulike brear er blitt utvikla.

Våren 2015 kontakta Leif Kapstad nokre kjenningar av seg i fjell- og skimiljøet i Førde, Gaular, Naustdal og Jølster med spørsmål om det kunne vere ein idé å lage ei bok om toppturar i Sunnfjord. Entusiasmen vart raskt vekt hjå alle, og initiativtakar Leif Kapstad har sidan leia gruppa med ti lokale turentusiastar, som med ulik erfaring og kunnskap har delteke i utarbeidinga av boka.

Variert kompetanse

Tindevegleder i Bre og fjell Per Magne Bakke, har hatt det faglege ansvaret saman med ein av dei mest erfarne toppturgåarane i området, Brit Siv Fimland. Sindre Hoff, ein av dei beste randoneeutøvarane i Noreg, har utført mykje av turregistreringane, medan fjell- og brevandraren Reidar Bakke og Olav Sægrov, betre kjent som Skifantomet, har tilført prosjektet mykje kunnskap og erfaring. Firda-journalist Marie Havnen har jobba med språk og utforming, medan Eli Skrede og Anne Cecilie Kapstad har gjort ein stor jobb med skrivning, organisering og turregistrering. NRK-fotografen Torje Bjellaas, som blant anna står bak «Fjellfolk» og «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu», har tatt mange foto og alle flyfotoa i boka. Største delen av boka er basert på eit stort dugnadsarbeid av forfatarane.

Allereie tidleg i prosjektfasen fall valet på Fri Flyt som forlag. Fri Flyt har nasjonalt nedslagsfelt, og har gitt ut mange tilsvarande bøker frå andre skidestinasjonar i landet. Redaktør Erlend Sande, som er halvt jølstring, brukte ikkje lang tid på å bestemme seg for å ta prosjektet. Det har vore eit tett og godt samarbeid med Sande og Fri Flyt undervegs i produksjonen.

Moderne teknologi

Eit så stort bokprosjekt, med krav til detaljert data-innsamling og koordinering, kunne fort blitt ei stor organisatorisk utfordring med ti forfatarar busette på ulike stadar. Dette vart løyst med samarbeid på tvers av gruppa med utstrekkt bruk av Facebook, Dropbox og Skype.

I løpet av to skisesongar, med varierende vêr og skiføre, har forfatarane samla inn data og fakta om alle rutene på dei 67 toppane. Gruppemedlemene har gått alle toppturane sjølve og samla detaljert informasjon for rutene. Alle har gått med GPS i sekken, slik at kvar rute er spora ute i felt for så å bli teikna inn på kart og flyfoto. Boka gir dermed detaljerte opplysningar om vanske- og eksponeringsgrad, himmelretning, brattheit, stigning og fall for kvar topp og rute. Det er første boka som Fri Flyt gir ut der forfatarane har GPS-spora kvar tur slik det er gjort i denne boka. Ein av dei to pensjonistane i gruppa, Reidar Bakke, tok på seg jobben med å organisere spora etter kvart som turane vart gått. Han har hatt eit stort GPS-arkiv å rydde i!

På ski ned Lundeskaret. Foto: Brit Siv Fimland.





Variert geografi

Sunnfjord strekker seg mellom Jostedalsbreen i aust og dei havnære toppane i vest. Området byr på snørike turar der du får alt frå bratte brearmar til kystutsikt, perfekte kvite sider, dalar og renner frå både avrunda og spisse toppar. I Jølster er det mange fjell som allereie er godt kjende og mykje brukt til toppturar. Det vere seg Olahansen, Nonsnipa, Tindfjellet, Kvamsfjellet eller Tortnegrøegga. Sjølv sagt vart desse og andre kjende skitoppar frå Jølster med i boka.

I tillegg vil du finne mange fjell og ruter som av dei fleste vil bli opplevd som heilt ukjende også i det lokale skimiljøet. Grovabreen er eit døme på ein skiklassikar som i boka vert presentert med både «normalvegen» og mange nye og ukjende ruteval. Skafonnfjellet har dei siste åra begynt å stikke seg fram som eit turmål for fleire og fleire. I boka er det gitt god plass til denne perla som fører deg rett inn i fotspora til sjølvaste William Cecil Slingsby. Vidare kan du lese om Åsfjellet som er den ukjende naboen til det godt besøkte Olahansfjellet. Om dette står det at «Dei få som har vore her har halde låg profil i sosiale medium i etterkant, men vi reknar med at Åsfjellet blir hyppig brukt heretter, for dette fjellet fortener meir besøk!».

Om du ikkje har vore på Dalefjellet, Rabben og Tverrlifjellet i Årdalen vil du ha nokre dagsverk med å komme deg gjennom forfatarane sine GPS-spor i dette flotte, men enno relativt lite besøkte, toppturterrenget.

Også eit namneprosjekt

Eit anna særtrekk ved Toppturar i Sunnfjord er at forfatarane har gått i gamle kjelder for å gi namn til alle dei 136 rutene. Her er det nytta brukte namn frå folkemunne i toppturmiljøet, lokalkunnskap og informasjon frå vanlege kart, samt frå Fylkesatlas sitt kultur- og historiekart som viser plassering for innsamla gamle, lokale stadnamn. Der det har vore mogeleg å finne gamle lokale stadnamn der GPS-spora frå feltarbeidet har passert, har desse gitt namn til ruta. I Jølster er nokre av dei mest spesielle namna på rutene Ormehaugane, Bjørnahiet, Eggjabakkane, Ørnebotnen, Kyrabotnen og Storeskreda.

På Tortnegrøegga har vi valt å løfte fram kva stardølingane ser på som flatt terreng, og gitt ei av rutene namnet Flateheia etter eit punkt oppe i fjellsida. Vi har også kopla nokre av Nikolai Astrup sine kjende fjellmotiv til turar du kan gå. Isdronninga har fått sitt eige kapittel, og du får detaljerte opplysningar om korleis du kan stå på ski ned renna i sjølvaste Kollen.

Langturar

I utgangspunktet var det ei rein toppturbok prosjektgruppa ville lage. Men sidan både ski og sko stadig vert laga i lettare materiale fann vi, i samråd med Sande i Fri Flyt, ut at ein del fjellskiturar framover vil bli av interesse også for toppturentusiastane. Derfor har vi tatt med nokre kjende og lange fjellskiturar som går gjennom spektakulært vinterlandskap i Sunnfjord. Målet er å gjere desse



Prosjektgruppa bak «Toppturar i Sunnfjord» F.v.: Per Magne Bakke, Olav Sægrov, Sindre Hoff, Reidar Bakke, Marie Havnen, Eli Skrede, Brit Siv Fimland, Anne Cecilie Kapstad, Leif Kapstad og Torje Bjellaas.

15

spanande klassikarane tilgjengelege for stadig nye generasjonar. I Jølster har Jostedalsbreen ein sentral plass i fleire av fjellskiturane som gamlekarane i prosjektgruppa har tatt fram att i lyset. I arbeidet med sporing og tekst om toppturar og fjellskiturar i Sunnfjord, som har landskap som eignar seg godt for lange skiturar opp på høge fjell og ned i djupe dalar, kom det nok ein ny idé. Kanskje har du høyrte om dei kjende «Haute Route» og «Høgruta Jotunheimen»? I denne boka finn du den nytvukka «Sunnfjordruta» som forfattarane har sett saman. Den går over tre dagar via fire forskjellige brear. Den tek deg med på ei reise på heile 87 kilometer, med 6400 meter stigning og 6920 meter nedkøyring, gjennom sjølve indrefiletten av skiområda i Sunnfjord.

Gode støttespelarar

Heilt frå starten har Sunnfjord Utvikling vore med på laget, og dei har støtta opp om prosjektet vårt med både næringsmidlar og gode råd. Sunnfjord Utvikling avslutta samarbeidet med ei flott lanseringsmarkering, som viser at boka er utgangspunkt for mykje spanande vinterturisme og skiaktivitet. Dei fem sponsorane våre Jølster Bil AS, Harald Kapstad AS, Jølstraholmen Camping & Hytter, Åsen og Øvreid AS og Årdalsbakke Elektro AS har vore unnnverlege for oss. Deira støtte bidreg til at stadig fleire kan få oppleve snøen i fjellsidene på vakre toppar Sunnfjord. Gjennom boka håpar vi å kunne by på noko av vår kunnskap om og erfaring frå Sunnfjord som vinterdestina-

sjon. Mellom permene vil du finne turar i spennet frå der nybyrjaren kan gå sin første topptur, til sider og renner der ingen skulle tru at nokon skulle stå på ski. Kanskje vi møtast på skitur ein dag? Vi er alltid klare til å spenne på oss skia når snøen legg seg over Sunnfjordtoppane. Vi ønskjer deg med dette både ei riktig god jul og ein riktig god tur på ski i Sunnfjordfjella!



Nokre tankar om Olav Befring

Av Kaare Aksnes

Kaare Aksnes er professor i astrofysikk ved Universitet i Oslo. I november i fjor var han i Jølster i regi av «Rom for ord» for å halde føredrag om Almanakk for Noreg. Jølst fekk han då til å skrive ein tekst om hobbyastronomen Olav J. Befring.

Den 26. november 2016 var eg invitert til Jølster for å halda eit foredrag om Almanakk for Noreg, som eg var redaktør for i 20 år. Eg fekk oppleva eit inspirerende møte med mange interesserte bygdefolk i Grendehuset der. Eg opna med å nemna bygdas amatørastonom, Olav Johannesson Befring (1915–2000), som må ha noko nær verdsrekord i observasjonar av planeten Merkur med berre augo. For 12–15 år sidan var ein student og eg i Jølster for å vurdera kva ein burde gjera med arkivet etter Befring. Vår tilråding var at det betydelege observasjonsmaterialet hans burde kunna bli utgangspunkt for eit observasjonskurs i astronomi ved ein lokal vidaregåande skule eller distriktshøgskule. Så vidt eg veit har ikkje denne ideen blitt følgd opp, men det er enno ikkje for seint.

Etter foredraget mitt fekk eg høve til å bla gjennom Befring sitt arkiv på nytt, og eg har lånt med meg heim nokre få av dokumenta hans. Olav Befring sette spor etter seg både som bonde, astronom og botanikar. Eg skal her ta opp berre hans astronomiske innsats. Han vart landskjend som popularisator av astronomi med avisinnlegg mest kvar einaste månad i ei rekkje aviser. Han skreiv artiklar om astronomi i m.a. Dagen (1947–1956), Gula Tidend (1956–1958) og i Bergens Tidende, der han hadde ei månadleg spalte om stjernehimmlen og planetane like frå 1958 til 1980. I 1982 førebudde han i ein lang artikkel gjensynet med Halleys komet, som han sjølv fekk observera i 1986, 76 år etter førre passering nær Sola.

Men den mest imponerende innsatsen gjorde han gjennom sine observasjonar av Merkur, heile 112 i talet! Denne planeten har ein maksimal vinkelavstand frå Sola på berre 28 grader. Difor er planeten synleg berre ei kort tid anten i aust rett før soloppgang eller i vest rett etter solnedgang. Til andre tider druknar Merkur i sollyset. Ein skulle tru at dei høge fjella som omgjev Jølster ville stå i vegen for Merkur i dei korte stundene han er synleg. Men Stardalen, der Befring hadde sin standplass, har retning omlag aust–vest med låg horisont der Merkur står opp som «morgonstjerne» eller går ned som «kveldsstjerne». Der Merkur synte seg kan fjellsidene faktisk ha verka som ein skjerm mot sollyset. Her let eg Befring sjølv ta over ordet:

«112 observasjonar av Merkur

I ein artikkel til Astronomisk Tidsskrift er nemnt at eg har sett Merkur på 112 ulike datoar i åra 1939–71. Korkje klima- eller horisonttilhøve har vore ideelle på observasjonsstaden, som har nordleg breidd om lag 61,5°. Om lag alle observasjonane er gjorde i Stardalen i Jølster, og om kveldane. Berre 4 er gjorde på morgonhimmelen. Det heng mykje saman med horisonttilhøva, men og med døgnrytmen til observatøren. Observasjonane i januar 1942 er gjorde ved Mo landbruksskule, Førde herad.

Nedanfor følgjer lista over desse observasjonane med dato og klokkeslett. Det er mange faktorar som verkar inn på kor tidleg på kvelden Merkur let seg observera: Årstid, luftreinleik, kor godt syn observatøren har, lokalkonstanten, kor nøgje ein kjenner posisjonen åt planeten, lysstyrken hans m.m. Eg bur 4° vest for Oslo. Når tilhøva elles er like, ville planeten vore synleg 16 min. tidlegare ved Oslo-meridianen. Men serleg nordanfjells i Noreg må ein rekne med at også breiddeskilnaden kan ha stor innverknad når sola er langt frå himmelekvator.

Både vêr- og arbeidstilhøve er ofte avgjerande for observasjonstidspunktet. Trass i dette vonar eg at lista kan ha ei viss interesse. Ved dei klokkeslett som er understreka, har eg først funne planeten i kikar nokre minuttar før, slik at eg nøgje kjende staden hans då eg so vidt kunne fiksere han utan kikar ved det notera klokkeslettet.

Den ufrie horisonten i visse leider har gjort at eg ofte har teke turar heimanfrå for å sjå han. Dalen ligg om lag i aust–vest. Dels har eg gått over til nordsida av dalen, når eg visste at planeten gjekk for langt sør, dels opp i bakkanen sør for tunet mitt i det høve han har halde seg for mykje mot nordvest, der fjella ruver for høgt, set heimanfrå.

Dei 112 observasjonane er ordna gruppevis etter dei største elongasjonane som dei knyter seg til. Dato for desse, vanleg og dato for stillstand, er notera i lista. Om morgonane har eg til vanleg ikkje fått følgje planeten so lenge som det har vore råd å sjå han, for skuld husdyr-stellet. Ein må gå ut frå at synet åt observatøren har tapt seg i desse 32 åra.



Fra venstre: Mars, Venus, Jorden og Mars. Foto: NASA.

«Du sådde, og sædet har grodd til signing for folk og bygd»

Om lærar, klokkar og kyrkjesongar Johannes Zakariasson Fossheim

Av Kristian Fossheim

I minnet frå min oppvekst i Jølster midt på 1900-talet var det ein mann som stod for meg som ein utifrå stor personlegdom, enda han for lengst var flytta frå bygda og var ein gamal mann: Farfar, lærar, klokkar og kyrkjesongar Johannes Zakariasson Fossheim, fødd 22.12.1867 på Fossheim i Jølster, død 10.01.1965 i Mysen i Østfold i sitt nittiåttande år. «Fossheimen» var namnet han gjekk under i si eiga heimbygda, der Fossheim elles var og er eit vanleg etternamn, eit teikn på den vyrndad han hadde vunne gjennom si gjerning i heimbygda.

I 1860 hadde Stortinget vedteke at det skulle byggjast grendeskular på bygdene over heile landet. Tida for omgangsskule skulle vere over. No var det også trong for fleire lærarar med lærarskuleutdanning. Såleis var det midt på 1880-talet at to unge vener frå Jølster, Johannes Z. Fossheim og Anton E. Fond, fann at dei skulle gå Amtsskulen på Nordfjordeid. Derifrå gjekk vegen til seminaret på Stord for Anton, og til lærarskulen på Hamar for farfar, Johannes. Begge skulle komme til å setje tydelege spor etter seg både i heimbygda og vidare. Anton var heilt frå ungdomen svært dyktig i teikning og måling, og fortalde farfar seinare i livet at han gjennom åra hadde måla 80 bilete som han selde eller gav bort. Hans måleri av ytre Fossheim, med Skrevatnet i framgrunnen, hang i min barndomsheim.

Johannes Fossheim var son til Zakarias Larsson Fossheim og Olina Jakobsdotter, fødd Skrede. Han gjekk ut frå lærarskulen på Hamar i 1889 med framifrå hovudkarakterar, «meget godt av 1`ste grad». Det vart i tillegg framheva at han hadde «meget god sangstemme og meget godt øre for musikk». Alt dette gav eit godt fagleg grunnlag for hans framtidige gjerning. Men han rakk mykje lenger enn det skulestova kravde. Han skulle komme til å strø om seg med ei gåvmild livsgjerning, som lærar og skulestyreformann, klokkar og kyrkjesongar, korstiftar og dirigent, stiftar av Jølster Helselag, folkeopplysningsmann i målsaka, ungdomsleiar, oppdragar og folketalar. Slik skulle han komme til å kaste lys over ein grå kvardag i mange grender, på Vestlandet så vel som på Austlandet, gjennom eit langt liv.

I 1893 gifte Johannes seg med Danhilda Viken, dotter til lærar Kristen Viken, klokkar og kyrkjesongar i Helgheim, som budde i Øyane ved Helgheimskyrkja. Dei fekk i alt seks born: Sigurd f. 1894, Kristian f. 1895, Olga f. 1896, Øyvind f. 1898. Sidan kom Hjørdis f. 1902 og Johan Daniel f. 1907.



Johannes Fossheim og oldebarn Svanhild, no Ryssdalsnes, dotter til Dagrun og Martin Søgnesand. Foto ved forfattaren 1951.

Danhilda gjorde det uvanlege for ei jølstrajente på den tida, å ta opplæring ved Kunst- og industriskulen i Kristiania. Ho vart såleis mellom anna ei dyktig syerske, og sydde klede til heile familien. Familiebiletet syner til fulle at ho kunne sitt handverk. Ifølgje far, skal A.O. Klakegg ha sagt at biskopen rekna far hennar som den beste kyrkjesongaren i bispedømet.

Johannes, som alt på lærarskulen hadde dyrka sine givnader innan musikk, må i tillegg ha vore inspirert av songen til gamleklokkaren, og sett føre seg ei framtidig rolle både som kyrkjesongar og som korstiftar og dirigent. Og slik kom det til å bli dei fleste stader han var lærar. Han var lærar i Stardalen i 1889–91, i Breim 1892–93 og i Jølster att 1894–98. Han var til dels vikarierende kyrkjesongar alt no. Vidare var han lærar, klokkar, kyrkjesongar og korstiftar i Veggli i Rollag i Numedal i 1,5 år 1899–1900, likeeins i Kvammen i Vevring 1900–04 og i Årdal i Jølster 1904–21.

I 1921, etter tragiske dødsfall og nytt giftermål, reiste



Garden på Fossheim der Johannes vaks opp, «i Tuna». Måleri av Anton E. Fond, tidleg på 1900-talet.

18

han frå Jølster med ny familie (sjå seinare), til stor overrasing for heile bygda. Vegen gjekk heilt til Kongsvingertraktene, til to avsides postar, mest utan vegsamband, Holmen og Speismark. Johannes må ha hatt ei uro i seg som sjølv hans aller næraste må ha hatt vanskeleg for å forstå. Papira etter han viser at det til dels var eit spørsmål om å finne betre løna lærarpostar, forståeleg nok med aukande barneflokk i yngre år. Men avreise frå Jølster, 50 år gamal og på alle måtar godt etablert, skil seg ut her. Det skulle likevel vise seg at valet enda godt, i alle fall økonomisk, for familien. Som pensjonist flytte Johannes endå ein gong med familien, nå frå Vinger til Mysen i 1933, sikkert for å kunne gje borna best mogeleg skulegang. Der kom han til å ha sin siste post, eit vikariat utanfor Mysen vinteren 1939–40, ved krigsutbrotet. Det sette ny kveik i han, då 76 år gamal.

Til dei tidlegaste røynslene som lærar hørde det og med at han opplevde å vere omgangsskulelærar, har han fortalt til ein ven på Mysen. Det må då ha vore anten i Breim eller Klakegg, eller ein av krinsane i Stardalen. Han fortalde at det ikkje alltid fanst sengeplass til læraren. Då kunne han oppleve at det vart reidd seng til han på den finaste staden huset kunne by på, sa han: På langbordet i stova!

Vidarekvalifisering for lærarar vart praktisert også på 1890-talet. Johannes hadde stipendopphald ved Statens Gymnastikkskule i Kristiania i 1896, og gjekk, i følgje dottera Jorunn, i sanglære hos den internasjonalt vidgjetne pianisten og komponisten Agate Backer Grøndal, truleg same året. Kroppsøving og idrett stod høgt i kurs heile livet. Som 50-åring «slo han stiften», seiest det i familien, og idrett i skulen var han ein ivrig forkjempar for, med ar-

rangement av til dømes skitevlingar. Interesse for idrett varde elles livet ut. Også teater gjekk inn i repertoaret.

I åra 1900–04 var han lærar, klokkar og kyrkjesongar, korstiftar og dirigent i Kvammen i Vevring. Her budde familien i andre høgda i skulehuset, så vidt eg har forstått, det same som står der den dag i dag. Lærarposten var krevjande på fleire vis. Han måtte krysse fjorden til kyrkja i alle slags vêr. Ei anna utfordringa var at der låg ein sterk konflikt mellom grendene på begge sider av fjorden og venta på den nye læraren. I eit brev han fekk ved starten, vart det stilt krav om ei rekkje leiaroppgåver han skulle ta seg av utanom lærargjeringa. Brevet han fekk frå misjonsfolket var nærast trugande. Dei hadde hatt ein lokal favoritt til posten som lærar og kyrkjesongar, men skulestyret hadde tilsett Johannes. No kravde dei at han viste kva han dugde til.

Og Johannes meistra oppgåvene godt, både som lærar, kyrkjesongar og dirigent, og han vart verande. Her som andre stader der han kom, stifta han kor. Dette vart gode år for familien. Firda hadde for ein del år sidan ein artikkel med bilete av koret saman med familiemedlemene til Johannes. Igjen fekk han solid skotsmål frå sine føresette. Ved avreise til Jølster i 1904 fekk han eit veggur som takk frå koret. Det vart stoveuret i vår heim i Håjen i min oppvekst.

Til Jølster

Men då stillinga som lærar i Årdal krins og som klokkar og kyrkjesongar i Helgheim etter svigerfaren Kristen Viken vart ledig, søkte Johannes og fekk posten frå 1904. Nå må han ha kjent seg svært heldig, då bruk nr. 5 på Fossheim, «Fossheimshåjen» – Håjen i daglegtale, sam-

*På dette familiefotoet ser vi
fremst frå venstre Kristian,
Johannes, Olga, og Danhilda,
med vesle Øyvind på fanget.
Bak står Sigurd.
Fotograf: Ukjend.*



tidig vart ledig. Dette er bruket på Fossheim eg vaks opp på, og der lærar Elias Fossheim kom frå, med foreldre Kjersti og Rasmus Fossheim. Felles slektskap er frå «Tuna», bruk nr. 4. Elias var far til brørne Eivind sr. og Johannes Fossheim på Vassenden. Eivind sr. bygde Jølstramuseet på Vassenden og vart far til nålevande Eivind Fossheim jr.

Far til farfar Johannes, Zakarias Fossheim på bruk nr. 4 «Tuna», hadde nyleg teke bruk nr. 5 i si eige, men hadde døydd i 1902, og ingen stod klar til å ta over. Mor Olina overdrog då bruket til Johannes i 1905. Johannes bygde no bustadhus på garden, og gjorde om på gardsdrifta. På denne tida var det svært vanleg å kombinere lærarpost med gardsdrift på eit mindre bruk, og dette bruket var på denne tida langt frå fulldyrka. Dette passa godt med at skulearbeidet på denne tida varde berre omkring fire månader i vinterhalvåret, og med den tids naturhushald var tilgang til lærargard, der den mest arbeidskrevjande gardsdrifta var om sommaren, ei god løysing. Lærarkona, i dette tilfellet Danhilda, kunne så ta mykje av fjøsarbeidet gjennom vinteren. Hardt og krevjande, med barneflokk attåt, men slik var tida.

Johannes vart, etter utsegner frå fleire som kjende han godt, ein skulelærar med eit uvanleg lag med born og ungdom. Han hadde stor autoritet, men hans veremåte og engasjement for borna var slik at dei kom til å setje han høgt. Dette har eg fått prov på frå mange ulike kjelder gjennom åra, både frå dei som hadde han i skulen i Jølster og i ei rekkje skriftlege kjelder, personlege attestar frå arbeidsgjevarar og avisomtalar. Ei anekdote frå skuleklassen, frå tida i Kvammen rundt 1900, gjekk slik: Bestefar hadde teke for seg ein av dei større gutane i klassen og gitt han litt dårleg attest, men guten kunne svare for seg: «Du kan ikkje vente meir enn tre merker talg av ein trebukk!» Bestefar sette stor pris på svaret, og var den som ofte fortalde historia. Han la til at det gjekk vel med guten.

I denne tida i Kvammen vart han og ven med den store juristen, professor Nicolaus Gjelsvik frå Vevring. Gjels-

vik hadde på denne tida ei avgjerande viktig rolle ved forhandlingane om unionsoppløysinga i Karlstad. Etter dette var han både leiar i Noregs Ungdomslag og føregangsmann i målrørsla, og i den samanhengen initiativtakar til oppretting av landsgymnasa i Norge. At desse to fann tonen, er ikkje å undre seg over. Korrespondansen mellom dei låg ennå på loftet heime i min oppvekst.

Av dei mange ting farfar engasjerte seg i der han kom, var ungdomslagsarbeidet, til dømes i Stardalen på 1890-talet, og i Vinger mykje seinare. Dette gjekk godt saman med målarbeidet som han tok opp i Jølster rundt unionsoppløysinga, då han gav kveldskurs i 1905–06. At han samtidig var ein stor beundrar av Bjørnstjerne Bjørnson, den store nynorskmotstandaren, synest som litt av eit paradoks, men det var nok personlegdomen Bjørnson han fall for.

Råka av ulukker

Johannes og Danhilda hadde så langt fått borna Sigurd, Kristian, Olga, Øyvind, og Hjørdis i 1902. Nå hadde dei inntektene av både lærarpost, klokkarpost og jordveg, og alt var såre vel. Men det skulle ikkje vare så lenge. Etter at Danhilda hadde sett enda eit barn til verda, Johan Daniel i 1907, slo ulukkene til. Danhilda var med barn på nytt, men noko gjekk gale på dramatisk vis. Året var 1908. Far var då 10 år gamal. Den historia far fortalde meg, var



Familien til Øyvind og Nikolina Fossheim 1942. Biletet viser og huset som Johannes bygde i 1905. Framme frå venstre Øyvind, Kristian, Nikolina. Bak frå venstre: Ingeborg, Olav, Johannes, Dagrun. Foto: Elias Eide.

at Danhilda vart skræmd av ein mann som ville angripe Johannes utanfor huset. Fødsel kom i gang. Lækjar vart tilkalla, men barnet kunne ikkje reddast. Danhilda fekk barselieber og døydde. To liv hadde gått tapt. Barnflokket og faren prøvde å kome seg vidare utan mor. Olga tok i ein alder av berre 12 år over rolla som mor for vesleguten og som husmor, og livet gjekk vidare på eit vis.

Eldsteguten Sigurd gjekk snikkarskulen i Holmøyane i Hornindal i 1909–10. Komen heim derifrå, viste det seg at han hadde fått med seg difterismitte. Vesleguten, tre år gamle Johan Daniel, vart sjuk, og Olga, nå 14 år, stelte han. Men også Olga vart sjuk, og begge døydde og vart gravlagde med få dagars mellomrom. Maria Huslid, jamaldring og klasseveninne med Olga, fortalde på sine gam-

le dagar om den dagen ho kom på skulen og fann pulten til Olga tom, og kor trist det var å misse ei kjær veninne. Nå måtte familien isolerast midt i sorga og tragedien. Johannes henta det nødvendige til livets opphald, det som ikkje kunne skaffast på garden, frå tanta som budde på grannegarden Åland. Der tok han mot hjelpa over gjerdet.

No vart det for alvor stussleg i heimen på Fossheim. Men dei gav ikkje opp. Ennå hadde borna ein god far, sliten og nedkøyrd etter påkjenningane, slik eg har sett det på eit gammalt bilete. Men langsamt kom dei til krefter att. Sigurd var ein sjeldan sprek ungdom og ein våghals. Som så mange andre eventyrlystne ungdomar reiste han til Amerika, 18 år gamal. Saman med ein liten flokk andre jølstringar gjekk han om bord i båten Lusitania, med av-

gang frå Liverpool 27. april 1912, New York 2. mai. Sigurd vert verande i USA, og familien fekk med åra vite at han hadde fått problem med militæret i samband med den amerikanske deltakinga i krigen i Europa. Visstnok prøvde faren å få han fritteken frå militæret. Sigurd gjekk i dekning, men Frelsesarmeen fann han att. Saka fall til ro att, og kontakten vart teken opp att. Detaljar om dette er ikkje kjent i dag. Familien miste kontakten med han på nytt etter siste brev frå San Fransisco i 1929, der han rapporterer at alt er vel. Brevet har eg i dag, saman med biletet av ein staseleg kar på 35 år. Kva som vidare hende Sigurd, er aldri blitt oppklåra. Dette var ei sak som vart mykje omtala i familien i min oppvekst.

Etter Sigurd si avreise var den talentfulle Kristian, med den vakre handskrifta, storebror mellom dei tre attverande syskena. Han vart teken opp ved lærarskulen i Volda. I ventetida, før han reiste, vitja han ofte venen og grannen Johan «innafor elva» på Fossheim, som var sjuk av tuberkulose. Kristian vart smitta og vart liggjande lenge sjuk. Han døydde 22 år gamal i 1917. Nå var det Øyvind, 19 år, Hjørdis, 15, og far Johannes som levde att. Far har fortalt kor hardt det gjekk inn på han å misse sitt store førebilete, Kristian. «Eg var i sorg i fire år», sa han til meg. Eg har tenkt at det som må mildna han i sorga då, sjølv sagt var at han fann den jenta han skulle gifte seg med, Nikolina Bolset. Dermed kunna livet hans gå vidare.

Læraren

Men trass i all motgang: Lærargjerninga svikta Johannes ikkje. Personleg kan eg ikkje gløyme korleis ordførar Nils Helgheim, i samtalar med meg, aldri vart ferdig med å rose Johannes som lærar. Rektor Lars Klakegg sa at han var den beste lærar han nokon gong hadde hatt. «Han hadde ei eiga evne til å gjere også tørt stoff interessant.»

Og det mangla ikkje på tiltak: Tre år etter at han vart tilsett som klokkar og kyrkjesongar, vart det skaffa orgel til Helgheimskyrkja. Rådgjevar for dette prosjektet var ingen ringare enn komponisten og den store orgelmeisteren Johannes Haarklou. Året etter at Johannes kom inn i skulestyret i 1910, vart vedtaket om nynorsk som skriftspråk i skulen i Jølster gjort, og endeleg godkjent av skuledirektøren den 2. september 1911. Medan han var skulestyreformann i 1914–18, vart skuletida auka frå 9–10 veker til 16–18 veker i året i Jølster, ei sak han brann for. Jorunn, dotter hans, hadde han seinare som lærar, og fortel at han praktiserte gruppeundervisning i matematikk. Han var gjerne meir interessert i resonnementet enn svaret. Å resonnere var viktigast.

I papira etter bestefar ligg det attestar frå ei rekkje skulestyreformenn og prestar i samband med lærarpostane han heldt. Attestane er samstemde og svært rosande for den gjerning han hadde gjort kvar stad, både som lærar og kyrkjesongar. I tillegg blir det framheva kva han gjorde utanom, for ungdomen, der han tok særleg ansvar, også som formann i ungdomslag, for misjonen, både indre og ytre, for songarsaka med korstifting og dirigering, for uvanleg engasjement og levande undervisning av barna, for å vere eit godt føredøme, osv.

Jølster Helselag

Norske Kvinners Sanitetsforening oppmoda i 1909 ordføraren i Jølster til å organisere sal av maiblomar til inntekt for sanitetssaka. Johannes fekk tildelt ansvaret for organiseringa, og det vart samla inn pengar på konto i banken. Då det hadde gått eit par år med innsamlingar, fekk han ein ide, med utgangspunkt i eigne røynsler: Kven stiller opp når du aller mest treng hjelp? Johannes hadde opplevd at familien vart isolert av smitteomsyn etter difteridødsfall, og det akkurat når dei hadde mest bruk for hjelp.

Johannes skreiv i 1941 ein interessant artikkel om korleis dette førde med seg oppretting av Jølster Helselag, trykt i Hyrdingrøysta i 1942. Han fortel der at ved eit møte i kvinneforeninga i Årdal krins, leia av Andrea Sandnes, vart han invitert til å bidra med «underholdning». Då la Johannes fram tanken om å skipe eit helselag for bygda. Tanken vart så vel motteken, at heile kvinneforeninga melde seg på same kvelden. Johannes «skreiv lovene», fortalde han, og dei vart opplesne og vedtekne på neste møte. Jølster Helselag var stifta. Stiftingsdagen var 2. februar 1912.

Etter kvart vart heile bygda engasjert i helselagsarbeid-et. Det var arrangert årlege helselagsfestar rundt i bygda. Det gjaldt å skaffe midlar til å finansiere ei, eller helst to, sjukesyster i full stilling, ei stor oppgåve for ein frivilligorganisasjon. Den fyrste som tok utfordringa med å utdanne seg, var Sofia Åland, som Johannes personleg plukka ut til oppgåva. Ho vart seinare gift Fuglestrand. Sidan kom Petra Befring, seinare gift Erikstad. Desse skulle komme til å leggje ned eit stort arbeid for folket i Jølster.

Det var mykje å gjere for sjukesystrene. Tuberkulose og spanskesykja var mellom dei alvorlegaste sjukdomane som råka bygdene i desse tider. Med dei store dødsfall spanskesykja førde med seg verda over, kom Jølster uvanleg godt frå det, med to dødsfall, kunne Johannes konstatere. Helselaget hadde også etter kvart spedbarnkontrollen i bygda, ei ordning som i alle fall stod ved lag til langt ut på 1960-talet. Helselaget lever ennå, og oppgåvene har endra seg mykje, i pakt med tida.

Kva Johannes hadde betydd for Helselaget kan illustrerast med eit par døme: Då han reiste frå bygda, gav helselaget han ei gullklokke til minne. Han sette stor pris på det, men sa at han nok meinte dei kunne brukt pengane til noko viktigare.

Etter at han var flytta frå bygda vart det ved kvar helselagsfest sendt telegram til han. Her er teksten i festtelegrammet ved 40-års feiringa 2. februar 1952:

«Til Johannes Fossheim, Mysen.
Jølster Helselag samla til 40-årsfest helsar hugheilt sin skipar og far. Du sädde, og sädet har grodd til signing for folk og bygd.
Jakob Sunde».

Skeiskoret

Johannes vaks opp i ein heim der felespelet vart dyrka av både faren og broren Jakob, som begge var kjende spelemenn, og slik vart det naturleg at Johannes også

lærde å spele fele. Sidan fekk han musikkopplæring ved lærarskulen, og gjekk i tillegg songkurs i Kristiania, som nemnt. Dette var i ei tid då korsongen tok til å vekse fram, nærmast som ei nasjonal rørsle. Ein stor føregangsmann i dette var komponisten og organisten Johannes Haarklou frå Haukedalen. Haarklou var 3/4 jølstring av ætt, og truleg vart Johannes inspirert av hans arbeid, og særleg av komposisjonane for mannskor, som var noko av det mest vellukka komposisjonsarbeidet Haarklou gjorde.

I tida 1905–21, då han var lærar i Årdalen og budde på Fossheim, bygde Johannes opp mannskoret Skeiskoret, det første mannskoret i Jølster. Starten var vinteren 1918. Her gjekk det med liv og lyst. Frå heile Viken krins, det vil seie Skei-området, og frå Klakegg og Paulen kom karane saman til øving, oftast i heimen på Fossheim. Men møte-staden kunne variere mellom heimane. Far fortalde at dei kom syngjande i flokkar både til og frå øvingane, og alltid til fots. Ingen hadde sykkel. Med 28 medlemmer i koret kravde det store stover. Det hadde ikkje alle. 92 år gamal kunne far fortelje meg namn og alder på alle kormedlemene etter minnet, frå ein av dei aller yngste, Petter Paulen, 16 år, til den eldste, Lars Fossheim 54.

Koret hadde tre stemmer, første og andre tenor og bass. Stemmene vart øvde inn slik: Petter Paulen hadde andre tenor, Sigurd Heggheim hadde bass, som han song sjølv. Dirigenten øvde alle stemmene og spela fele ved innøvninga. Dette var ei fin tid for desse mennene, og dei fleste var unge. Alt som 19-åring vart far solist i koret, og koret gjorde stor lukke. Koret song ved samkomer i heile Helgheim sokn, i kyrkja, i Stardalen og elles der det var trong for det. Den seinare musikaren og kordirigenten Samuel Bakke uttrykte seg svært rosande. Han valde seinare far til fast solist i Sunnfjord Mannskor. Arne Viken sa: «Han var den reine Pavarotti!» Songargivnaden kom frå både morfaren og faren. For far gav Skeiskoret kjærkomne opplevingar etter det nylege tapet av storebror Kristian. Koret var i sving i 3 år, til Johannes reiste frå bygda. Då tok den 23 år gamle Anders Viken over i 3–4 år. Så vart det nedlagt.

Det var sjølv sagt Skeiskoret som var føredømet då stardølingane skipa Stardalen mannskor om lag ti år seinare, i 1936. Her var det igjen Samuel Bakke som tok initiativet, men då han like etter reiste til Bremanger, tok Anders Viken over til 1945. Såleis står det i heftet som Sunnfjord Songarsamband gav ut ved sitt 25-års jubileum i 1948.

Ny start, no på Austlandet

Etter mest 10 år som enkjemann, fann Johannes tida inne til å gifte seg att, i 1917. Nokre år seinare, i 1921, reiste han frå Jølster for godt saman med den unge kona, Andrea, fødd Bolset, og første barnet deira, Kolbjørn. Han starta no så å seie livet på nytt, som lærar i Holmen og Speismark krinsar i Vinger nær Kongsvinger. Ein barneflokk på tre vart sett til verda, etter Kolbjørn kom Jorunn

og Oddvar. Ingen fleire ulukker. Men kvifor farfar reiste frå det trygge tilveret i Jølster for å etablere seg på nytt, så å seie i utmarka ved Kongsvinger, har vore eit mysterium for meg. Eg kjenner ikkje til at han hadde nokon uvener, eller andre konflikter å flykte frå. Kanskje såg han for seg at det ville komme krav frå broren, Bertel, om å trette bruk nr. 5 tilbake til bruk nr. 4? Det vart forsøkt då min far hadde teke over Håjen i 1922. Mest truleg såg farfar økonomiske fordelar med den nye staden. Men for den unge kona Andrea, må det har vore tungt å reise frå heile den store slekta si. Mellom desse var systera Rakel Viken.

Det vart svært strevsame år i ein to-delt skule med 6 km mellom dei to grendeskulane i Holmen og Speismark, utan annan veg enn ein sti, sommar som vinter. Det hende at Kolbjørn måtte vere med å gå opp løypa til skulen vintertid. Han arrangerte skuleskirenn og teater. Han engasjerte seg personleg i å gjere slutt på nokre ville festar i samfunns-huset. Han hadde så godt lag med ungdommen at dei hørte på han. Med ein liten lærargard knytt til stillinga var økonomien god, så pass at han la opp ein startkapital til alle sine tre born i sitt andre ekteskap, og kjøpte hus etter pensjonsalder.

Også i Vinger engasjerte han seg for bygda, og med all mogeleg støtte frå Andrea. Lærarparet vart høgt verdsette, og Johannes heldt posten til han var nær 67 år, i 1933. Og igjen flytte han teltpålane, no til Mysen der han kjøpte hus og eit småbruk nær sentrum, og familien bygde og rydda seg plass.

Ved krigsutbrotet i 1940 var Johannes lærarvikar i eit år, og familien budde utanfor Mysen. Tyskarane okkuperte huset deira, og som takk for lånet, stal dei gullklokka Johannes hadde fått som eit kjært minne frå Helselaget ved avreisa frå Jølster i 1921.

I heimbygda Jølster opplevde vi farfar som gjest om somrane, rask på foten og kvikk i replikken høgt opp i åra. Ein av illustrasjonane her viser eit foto eg tok av han med oldebarnet Svanhild på Fossheim i 1951. Her som elles, alltid i svart dress. Ein gløymer ikkje synet av «Fossheimen» på veg mot dei 90, der han svinga seg lett på herresykkelen og sykla rundt til gamle vener og kjenningar i Jølster.

Farfar døydde på Mysen i januar 1965 og vart gravlagd der. Eg fekk vere med og bere, eit førebilete for meg som så mange andre, til gravstaden. Like til sine siste leveår var han åndsfrisk. Hans bortgang, i ein alder av over 97 år, vart markert i avisene både i Mysen og i Sunnfjord. Han vart heidra med ei eiga minnestund, tale og allsong ved årsfesten i Jølster Helselag i 1965.

Historia om Johannes Z. Fossheim er eit døme både på kor strengt livet kunne vere i vårt land for nokre mannsaldrar sidan, og syner samtidig kor uvanleg ressurssterke personlegdomar lærarane kunne vere, og kva samfunnsansvar somme av dei tok, utan noko som helst vederlag. Ein tankevekkjar i vår tid.

Målmannen Eirik Hjelmbrække

Av Hallstein Dvergsdal

Han var frå bnr. 1 på Hjelmbrække og vart gift med Nikolina Olsdr. frå bnr. 2 på Fluge. Dei overtok etter kvart deler av dette bruket som i dag er betre kjent som Jølstraholmen. Eirik levde frå 1889 til 1962 og var lærar, målmann og organisasjonsmann, i tillegg til å vere bonde.

Mangfaldig kar

Eirik var gjennom mesteparten av livet ein ihuga målmann, og han var ein periode leiar i Firda Mållag. Det var Eirik Hjelmbrække som i si tid tok initiativ til reisinga av minnesmerket over ein annan målmann, Gustav Indrebø. Bysta av Indrebø vart reist i Årdalen, og det blir sagt at over 1000 menneske var til stades då ho vart avduka i 1955.

I brev og andre dokument vi har fått tilgang til gjennom barnebarnet til Eirik, Herlaug Hjelmbrække, går det fram at det var ein del diskusjon om kvar minnesmerket skulle stå. Både Førde og Florø var aktuelle stadar, og Eirik kjempa ein hard kamp for å få det plassert i Jølster.

Skribent

Eirik Hjelmbrække var ein flittig leverandør av lesarinnlegg og kronikkar, og Nynorskavisa Gula Tidend, som kom ut i Bergen, fekk nok ein del innlegg frå målmannen i Jølster. Eitt av dei han sende til denne avisa handla om målreisinga i Jølster før andre verdskrig. Innlegget hadde tittelen «Jølster, fyrste heilnorske bygdi i Sunnfjord». Der fortel Hjelmbrække om fleire viktige hendingar på vegen mot nynorsk kommunen.

Artikkelen er etter innhaldet å dømme skriven rundt 1940, og opnar med å referere til eit målstemne ved Helgheimskyrkja 25 år tidlegare. Der snakka professor Gjelsvik om at den nasjonale atterreisinga kunne samanliknast med isløysinga om våren. Den startar ved land og breier seg utover. Såleis måtte Jølster vere først i Sunnfjord, meinte professoren, og slik vart det.

– Jølster vart den første bygdi i Sunnfjord som tok nynorsken heilt i bruk, skriv Hjelmbrække. Han skriv også at han er imponert over at målstriden i bygda ikkje har sett djupe og varige spor etter seg.

– Dette målvendet gjekk fyre seg utan beisk og sárande strid. Båe partar tok det sers vitugt når dei leid usigrar, difor fanst det ikkje vondt blod hjá nokon dá målbytet var over.

Ingen nemnd ...

Eirik Hjelmbrække skriv at han eigentleg ikkje vil peike på nokon mann og seie at han tok «hardaste taki og tok i mot hardaste hoggi», men han vil likevel nemne ein: lærar Johannes Álhus.

– Han var ei eldsjel med tenarhug og offerhug. Slike



Denne plakaten fekk Eirik Hjelmbrække til 70-årsdagen, men avsendaren, Gjesdal ungdomslag, var nok eitt år for tidleg ute. Eirik var fødd i 1889.

folk gror det etter; dei gjev varme til alt som skal veksa, skriv han.

Elles nemner Hjelmbrække at målbytet hadde skjedd dei siste 25 åra, og at når det gjeld skulane så starta det i dei inste krinsane og spreidde seg vestover. Vidare fortel han at mållaget sende søknad til fattigstyret og krinssjukekassen om «á ganga yver til nynorsk». Formannen i fattigstyret, Knut Sunde, var ein eldre mann, men tok likevel på seg å føre møteboka på nynorsk. Det same gjorde forretningsfører i krinssjukekassen, Jens Helgheim.

Jordstyret gjekk over til nynorsk heilt utan oppmoding, og Eirik Hjelmbrække er imponert over leiaren, Th. Veiteberg, som var ein eldre mann, men likevel tok spranget. Elles skriv han at mållaget sende brev til Jølster Sparebank med oppmoding om at deira dokument skulle vere på nynorsk, noko banken sa ja til.

Rundt 1934 var det så eit målstemne på Álhus med professor Gustav Indrebø som talar. Indrebø meinte at mållaget burde be Firda Billag om å få rutene på nynorsk.



Friluftsmannen Eirik Hjelmbrekke i sving med fiskestonga. Foto utlånt av Herlaug Hjelmbrekke.

Direktøren, jølstringen Ludvik D. Klakegg, var til stades og hørde kva som vart sagt. Få dagar seinare hadde direksjonen bestemt at rutene skulle vere på nynorsk, før søknaden var kommen til billaget.

Til slutt nemner Hjelmbrekke at «vegstellet hadde sett opp nokre vegskilt i bygdi med feil namneform» Men etter samråd med Gustav Indrebø, vart dei retta, og Hjelmbrekke «vonar at vegstellet lærde noko den gongen».

Friluftsmann

Eirik Hjelmbrekke budde i sitt vakse liv ved breidda av Jølstra og han var ofte i elva med fiskestonga. Han likte også å gå turar i skog og fjell, og på Flugestøylen var han

ofte. I eit innlegg i ei avis, truleg enten Firda eller Gula Tidend, fortalde han om ein tur til Tindefjellet i lag med Kristian Eikaas.

På slutten skildrar han kva dei ser rundt seg av fjell og tindar i alle retningar. Men så ser dei ned i bygda og oppdagar at det landskapet dei kjende så godt, på ein måte har endra seg.

– Ho (bygda) hadde eit nytt andlet, var mildare og mjukkare i dragi. Lendet hadde eit anna skap enn vi var vane med. Haugane og bakkane var vekke, husi sto tettare og veggen og Jølstra var strålende beine. Slik er dei lyriske skildringane av denne fjellturen som sluttar med korleis dei ser Jølstravatnet buktar seg innover til Hegrenes, over til Sanddalen og til Dvergsdalen før det gøymer seg attom Bjørsetodden.


– Vi gjekk ned att til bygda og bar med oss eit kart av heile Sunnfjord, eit fargelagt kart vi ikkje skal missa.



Dette fotoet er frå ein søndagstur til Flugestøylen – Besta, bestefar og fleire av ungane. Må seie eg er imponert over kor fine dei er med kvite skjorter og kjolar, kvit duk og porselenskoppar. Det er sikkert søndag, og heilt sikkert besta som står bak dette festmåltidet, skriv Herlaug Hjelmbrekke. Eirik er delvis gøymd bak guten til venstre.

Bjørgja

Av Kjartan Myklebust



Befringsdalen og Bjørgja sommarstid.

Kjartan Myklebust hadde i fjor ein artikkel om fjellet Gallen i Jølst. I år er det Bjørgja som står for tur i det som kanskje kan bli ein serie om fjell kring Jostedal-breen.

Bjørgja er det høgste fjellet (1551 m.o.h.) kring Befringsdalen i Stardalen. Det har alltid vore eit populært turmål, ikkje minst ved påsketider – særleg når utflytte stardølingar er «heime» på besøk. På fotoet nedanfor er vist korleis den vanlege turruta gjekk oppover. Også ved rennet nedover er det mange mogelege trasear. Her er vist ein.

I denne fjelldalen ligg Befringstøylen på austsida, og Flatjords- og Grepstadstøylen på vestsida av Befringselva. Desse støylane ligg på om lag 620 m.o.h. Herfrå er det ein fin «påsketur» til toppen av Bjørgja.

For oss stardølingar framstår Bjørgja nesten som heilag – som Fujiyama for japanarane!


Om namnet Bjørgja

I min oppvekst kalla vi både sjølv fjelltoppen (1551 m.o.h.) for Bjørgja, og også det framskotne og lågareliggende fjellpartiet for Bjørgja. Men, vanlegaste var at vi kalla dette lågareliggende fjellet for Lisjebjørgja.

Så bør det nemnast, at folk som er fødte og oppvaksne på Befring, kalla same fjellformasjonen for Rambørjehamaren. Og nedanfor og nordanfor Rambørjehamaren ligg Rambørjebotnen. Dette namnet kjem då kanskje av at dei såg på Rambørjehamaren som ein ramsvart fjellvegg (eller ramen på eit hus?), og nytta dette namnet til å forklare enkelt kor denne botnen ligg.

Ivar Aasen uttaler: «Bjørg. En rekke av lavere klipper». Og det passar godt til den høgste toppen på 1551 m.o.h., som vi kallar Bjørgja. Og på det eldste kartet eg har for hand for dette området – «Kart over Nordre Bergenhus Amt, utgivet av Geografisk Oppmåling. 1880» – så heiter dette fjellet Bjørga.

25



Bjørgja er eit mykje nytta turmål for skifolket. Her er innteikna dei mest nytta rutene opp og ned.

Eit forslag til konklusjon her må vere at det rette namnet på Bjørgja må vere Bjørga, ved bruk på kart og ymse skriftleg omtale. Men elles bør ein vel halde seg til dei namne-formene i dette området som i dag er innarbeidde i talespråket.

Andre fjell med namnet Bjørgja

Lokalkjende i Stardalen veit om eit større hamrelag i Veitebergslia som dei kallar for Tjovbørja. Det vert hevda at det var det nokre «tjovar» som heldt til her. Elles er det ei anna forklaring, som Arne Aasland har vore inne på; at namnet tjov kjem av topp, altså ei rekke med hamrar, med ein topp blant desse.

På Nedrebø i Jølster (i dalføret opp frå Ålhus) er det

også eit fjellparti/hamrelag som heiter Bjørgja, som har litt av den same karakteren som Bjørgja i Befringsdalen. Elles kjenner vi til t.d. Børgefjell (nasjonalpark). Utover dette kjenner eg ikkje til andre stader med namnet Bjørgja, Rambjørgja eller Rambjørgjebotnen. Men dersom lesarar her veit noko meir, vil det vere av stor interesse for denne redaksjonen å få opplysning om det.

Men så; eit kuriosum

Den kjende Bergens-arkitekten Leif Grung fall utfor ein fjellhamar i Fana i 1945, og omkom. Denne fjellhamaren heiter Rambjøllen på kartet, men på lokalspråket heiter den Rambørja. Fjellhamaren her liknar svært mykje på Rambørjehamaren i Befringsdalen.

Fjella i Jølster

Av Norunn Hov

26

Jølstramuseet vil våren 2018 vise breidda av biletkunstnar Astrid Myklebust (1934–2005) sine verk. I mange år har hennar motiv frå Jølster pryda fram-

sida til Jølst, og sidan motiv frå fjell i sin heilskap, eller detalj, går igjen i bileta hennar, var det naturleg å lage ei utstilling med dette som tema.



Denne grafikken med tittelen «Jølster» var i mange år framsideillustrasjon på Jølst.

Heidi Fossheim Årdal ved Jølstra-museet seier dette om kvifor dei ønskte å vise Astrid sine bilete neste år:


– For det første har eg blitt kjend med Astrid Myklebust sin kunst gjennom teppet «Kampen om breheimen», som min far, Eivind Fossheim, kjøpte inn til Jølstramuseet i 1987. Eg har aldri sett noko utstilling av hennar samla verk. Eg kjenner til at ho produserte og skapte mykje, både innanfor biletvev, grafikk og ulike blandingsteknikkar.

For Jølstramuseet er det viktig å få til ei utstilling med Astrid fordi ho vaks opp i Jølster. Ho vigde livet sitt til

kunsten og blei inspirert av naturen her som ho tok med seg gjennom sine verk. Ho må ha vore energisk og svært skapande, både med tanke på breidda ho hadde og omfanget av det ho laga.

Det er viktig for meg at jølstringane, i alle generasjonar, får eit innblikk i kven Astrid var og det ho stod for gjennom sitt arbeid. Ho fortener ei utstilling i Jølster og vi er svært glade for at familien ønskte å legge den til Jølstramuseet.


Salsutstillinga opnar palmelaurdag 24. mars og varer til byrjinga av juni.



Heidi Fossheim sin far, Eivind Fossheim, møtte Astrid heime i Stardalen der dei snakka om kor viktig det er å ta vare på naturmiljøet i den vakre bygda under breen. Han bestemte seg for å kjøpe inn biletet «Kampen om breheimen» til museet. – For meg var dette noko av det finaste eg hadde sett, sa han. ukjend.

Noregs største boksuksess – Rolfsens lesebøker

Av Jonas Helge Torsheim



Johan Nordahl Brun Rolfsen fotografert på kontoret sitt.

– Det var den kjekkaste timen eg hadde på skulen, sa ein høg, kraftig kar i trettiåra og slo meg på skuldra, ein julebordskveld på hotellet. Eg kjende karen godt, men forvirra måtte eg spørje meg føre. – Jau, sa han, – det var den skrivetimen i 2. klasse.

Då fall ting på plass. Eg måtte ta ein time på direkten for ein annan lærar, ein time der elevane skulle gjere ferdig eit skrivearbeid, og eg skulle lese for dei. I farten treiv eg ei lesebok av Nordahl Rolfsen, og elevane arbeidde knystande stille medan eg las og fortalde frå «Berre ein hund» av Per Sivle (1857–1904).

Berre ein hund

Han «Hall» var hunden, stor som ei kvige, som den magre engelskmannen hadde med seg til Per Sivle (1857–1904) sin heim på Stalheim. Engelskmannen betalte godt for seg, hunden fekk mat av finaste serviset i huset, og låg på bruregåva, eit finvove teppe, til ho mor. Per vart ærendssvein og fylgjesvein til den engelske turisten – og godven med den kraftige, gulbrune hunden.

Jølstringar er glade i dyr, og frydar seg i fjellet. Det gjorde også engelskmannen som klatra i berg og nutar over alt. Men då han prøvde å nå Drakehiet, ei hole nede i Jorbergnuten, gjekk det ille; mannen miste taket og rausa ned i ura i dalbotnen, kalla Helvete. Teikninga til Elisabeth Sinding (1846–1930) viser han Hall som stirer vonlaust ut i lufta, og syrgjer over herren sin. Jordalsnuten er rette namnet, og når du køyrer Lærdal–Voss så ser du nuten til høgre straks før du kjem til Stalheim. Kjentfolk kan vise deg Drakehiet også, eg har snakka med folk som har besøkt det. Men dei var to og hadde moderne utstyr for fjellklatring.

Etter tre dagar kom hunden heim til Per, men far hans, som var ein hardbarka «cowboy», krøtterhandlar, hadde så visst ikkje tenkt å føre hunden gratis no når den generøse herren hans var omkommen. Per prøvde til og med å stele mat frå stabburet til hunden, men den korte historia det er plass til her, er at Per fekk sviande skjenn og juling, hunden vart jaga frå garden med steinkast, og kom ikkje til gards att før seint på hausten – etter at det hadde komme bort mykje sau i fjellet. Per fann han, skrapa og



«Soria Moria» av Theodor Kittelsen er eit kunstverk mange vil hugse frå Rolfsen sine lesebøker.

29

utsvelt inni smia, gav han mat, men blei oppdaga. Eit børskot frå drengen enda livet til han Hall. Per kasta seg utrøysteleg over den døde kameraten sin. Då er det at råskinnen, far hans, bøyer seg varleg ned og tek Per i armene sine og trøystar: «... du veit då det barn, det er berre ein hund.»

Lesebøkene og redaktøren

Dette er berre eitt av meisterstykkene vi finn i Nordahl Rolfsens lesebøker. Den første kom i 1892, og nye utgåver, reviderte og utvida, blei trykte like til 1960. I alt blei det selt 8,5 millionar eksemplar av bøkene; Rolfsen har selt fleire bøker enn Knausgård. Men Rolfsen vart aldri nokon rik mann, siste åra måtte kona hans tigge seg til eit hemmeleg, fast månadleg tilskot frå forleggaren for å ha pengar til hus og kost.

Johan Nordahl Brun Rolfsen vart fødd i Bergen 1848. Dei tre første namna hadde han etter oldefaren, biskopen som skreiv både Bergens nasjonalsong «Jeg tog min ny-stemte» og salmen «Jesus lever, graven brast» Nordahl-namnet gjekk vidare til dikteren Nordahl Grieg, og komponisten Edvard Grieg var også i slekta. Nordahl Rolfsen var ein meister i å få folk til å samarbeide, og ein gong då Grieg og Bjørnson hadde roke alvorleg i trottane på kvar-



Hunden Hall er ein sentral figur i Per Sivle si dikting. Soga om denne hunden var sjølvsgatt med i Rolfsen sine lesebøker.

andre, inviterte Rolfsen begge til selskap, og fekk dei forlikte. Denne evna til å få kontakt og inspirere andre til kunstnarleg innsats, er vel heile løyndommen bak bokeventyret.

Og Rolfsen hadde funne ein nøkkel inn til barnesinnet: Biletet. I den tida første leseboka kom, var folk flest svelteføra på bilete. Rolfsen hadde vore med og gjeve ut Illustrert Tidende for Børn, som vart ein skandinavisk suksess, og denne suksessformelen heldt han fast ved. Bileta og teikningane blei mange gonger fleire med nye utgåver, det kom foto og reproduksjonar av kunst, til slutt også i fargar.

I føreordet til den siste leseboka som Rolfsen personleg var medansvarleg for, skreiv han i 1926: «Derfor har jeg gitt den bildende kunst en æresplass i den nye bok (...). Jeg vil at billedet skal følge barnet fra den første side til den siste».

Måleriet av Theodor Kittelsen (1857–1914) kan nokon kvar dikte seg inn i; ungdommen som forlet mor og far og ser ei lysande framtid i det fjerne, men også med noko dult og mystisk rett framfor seg. Med eventyr, forteljingar om dyr, livet på garden og på sjøen, vart bøkene så populære at ungane kom rett som det var på skulen og måtte tilstå at dei hadde fått lese for lite på lekse; far og mor hadde sett seg ned med leseboka og nødig gitt ho frå seg.

Kittelsen er geniet bak mange måleri og teikningar til eventyra, og dei norske trolla hans er vidkjende internasjonalt. Eg har sett ein Harry Potter-film, og den var full av sprelske innfall, men dei engelske trolla var grå, klumpete og kjedelege i samanlikning. Kjedeleg var så visst ikkje karen i «Fanten og kjerringa», han som kunne koke supe på ein spikar. Dei fleste eventyra i lesebøkene er frå Asbjørnsen og Moe, men dette eventyret er ikkje norsk, det er svensk etter folkediktingsamlaren og dialektskrivaren N.G. Djurklou. Men er det svensk likevel? Eventyra har vandra, vi finn i Europa nokså like utgåver: «Soldaten og hesteskosauken», «Munken og steinen». Og Rolfsen var internasjonal, han brevveksla og henta inn forteljingar frå dei skandinaviske landa, men også frå Russland og Frankrike (Maksim Gorki og Victor Hugo).

Rolfsen gjekk på universitetet, men tok aldri avsluttande eksamen. Han livnærte seg fleire år som lærar, m.a. på ein pikeskole i Danmark. «Pikene» blei så inntekne i den vakre, unge nordmannen, at ei som hadde komme over eit bilete av Rolfsen, lånte ut biletet ei veke om gangen for betaling. I Danmark møtte og Rolfsen Hedevid, som blei kona hans i 1885.

Frå 1890 dreia det meste av yrkeslivet seg om lesebøkene. Etter avslag i Stortinget om løn for å gje ut ny lesebok for folkeskulen, gav forlagsbokhandlaren Jacob Dybwad han tre årslønner til å skape storverket. Det inneheldt også stykke som skulle lære elevane historie, geografi og moderne vitenskap. Og Rolfsen knegjekk alle sine kontaktar om bidrag. Men det skulle vere for barn, ein av Sarsbrørne måtte skrive om artikkelen sin elleve gonger før redaktøren var nøgd.

Soga vår var noko som gjorde norske ungar og vaksne rette i ryggen. I 1890-åra var unionen med Sverige begynt å skrante, og Snorres kongesagaer har Rolfsen

fleire utdrag av. Erik Werenskiold (1855–1938) har ei teikning av Olav Tryggvason som kranglar med den svenske dronninga. Den store nynorsk-diktaren Aasmund Olavson Vinje (1880–1970) skreiv eit dikt som blei og blir sunge om historiske bragder:

At far min kunne gjera
det gilde han hev gjort
og fram i livet bera
so mykje gjævt og stort,
det var frå dag til annan
for meg so god ei stød:
Stor arv det er for mannen
av godtfolk vera fødd

Granskar ein teikninga, ser ein at modell for den stolte kongen er Fridtjof Nansen (1861–1930), polfarar og fredsprisvinnar. Nansen var nasjonalhelt her i landet, og lesebøkene har med ei skildring av då han måtte kaste seg i iskalde Polhavet og redde kajakkar som heldt på å reke bort; kajakkane var einaste livstråden tilbake til sivilisasjonen.

Ein sjøens og slitets helt, har Henrik Ibsen (1828–1906) skildra slik at diktet blir sitert og framført enno 150 år etter. Folk som enno ikkje har nådd pensjonsalder har fortalt meg at dei lærte «Terje Vigen» utanåt, 43 vers à 9 linjer. Ibsen hadde sjøfolk i slekta og i ungdomsåra i Grimstad besøkte han ofte ein los som kunne fortelje om naudsåra under Napoleonskrigane (1807–1814) då «engelske kryssere stengte hver havn, i landet var misvekst og nød». Fattigfolk gjekk og leita på søppeldyngene etter bein og fiskerestar til mat, og losen kunne fortelje om fleire som hadde rodd og segla til Danmark etter brødkorn, trass i at engelske krigsskip låg på lur. Ibsen har reist ein poetisk bauta over desse våghalsane med diktet «Terje Vigen».

Før blokaden drog den unge friskusen Terje Vigen til sjøs og kom heim «smukk og stor», vart gift – «det kom visst på i en hast» – men etter at vesle Anna kom i huset, vart Terje ein heimens mann. «Han trælet og slet, og ble aldri trett av å vugge sitt barn i blund.» Men i 1809 stod sveltedauden for døra til den vesle familien, og Terje sette sin lit til sjøen igjen. Men ikkje med skip: «Den minste sjekte som var å få, ble valgt til hans Skagens fart.» Roturen frå Grimstad til Skagen er som strekninga Florø–Bergen. «Tre netter og dager til toften bandt den sterke modige mann» over ope hav til Danmark. Enden på ferda vart verst tenkeleg. Då Terje med tre tønner bygg i båten kunne skimte fjella heime, vart han praia av eit engelsk krigsskip, sjekta med livberging gjekk ned, og på korvettens dekk låg Terje «med bønn og gråt» og tigga for livet for seg og sine – framfor den engelske skipssjefen, «en atten års gut».

«Han satt i prisonen i lange år, det sies i fulle fem (...) Så kom attenhundre og fjorten med fred, de norske fanger og Terje med, førtes hjem på en svensk fregatt.» Legg merke til svensk, Sverige hadde valt rett side i Napoleonskrigane og fått Norge som krigsløn. Men i Terjes del av Norge viste det seg at «hans hus var en fremmeds», og



Terje Vigen og Henrik Ibsen har sin sjølsagde plass i Rolfsen sitt utval av norsk litteratur.

kona og vesle Anna hadde fått «en felles grav av kommunen, i fattigfolks jord».

Ibsen let likevel Terje få revansj. Terjes nogranne kjennskap til sørlandskysten gav han arbeid «som los på den ytterste ø». Og ein del år etter, «en måneskinn-kveld» med pålandsvind, heldt ein engelsk seglande lystbåt på å havarere mot havskjera. Terje vann kappseglinga mellom losane ut til jakta (her var romsleg bergingsløn å tene). Terje kjende igjen skipperen, attenårsguten var blitt mann med kone og eit lite barn. Terje seglar lystbåten på skjeret med vilje, får skipssjefen og «mylady» med dottera Anna med seg i losbåten. Der truar Terje med å slå hol i båten sin og la alle fire drukne i stormen. Men då mora «av redsel hvit» lyfter si vesle Anna fram mot Terje, då sansar han seg, legg hemntankane bak seg og fortel skipssjefen, det er hans tur til å ligge på kne, korleis det gjekk med Terjes kone og hans Anna.

Han fekk si oppreising over engelskmannen. «Terjes panne bar klarhet og fred.» Han heldt fram som los, og når han var i Grimstad, «til pikene hadde han skjemtsomme ord, han spøkte med byens børn.» Men nokre minne hadde, trass skjemten, brent seg fast: «Dog stundom gnistret hans øyne stygt – helst mot urolig vær – og da mente folk at han var forrykt – og da var det få som foruten frykt – kom Terje Vigen nær.»

Mange heltar

Vi finn mange heltar i Rolfsens lesebøker: Heilag-Olav, Askeladden, Tordenskjold, Roald Amundsen m.fl. Men Rolfsen har fått kritikk for at han har få kvinnelege heltar, likevel – der finst nokre, eg vil nemne to:

24. januar 1894 står Bertine og Ester Olsen høgt oppe i Flatholmen fyr og speidar ut over den skumskavla fjor-

den innover mot Tananger og Stavanger. Jentene er elleve og ni år gamle. Familien bur på fyret, men denne dagen har far segla mor inn til Tananger, og sjølv om bårne bryt friskt, har han teke to av gutane sine, ti og åtte år med seg. Mens jentene stirer mot båten på tilbaketur, kjem sørvesten brøl-ande og fresande og spyr ut snødrev, kvelver fyrmeisterbåten, og dei tre blir kasta ned i januar-havet.

Ein skulle vente at småjentene ville falle om halsen på kvarandre og sige saman i gråt, men nei, dei er modige og handlekraftige kystkvinner. I stormen greier dei å sjøsetje ein liten robåt, trassar havbårene ut mot dei forliste, fars hovud kan dei skimte. Framme der finn dei berre åtte år gamle Ansgar, far hadde fått lagt han flytande på ei tofte, men far og Torvald på ti er borte for alltid.

Ansgar er kald og livlaus, dei ror mot fyret, og greier å komme seg i land utan at dei og båten blir knust til pinneved mot svaberga. Oppe i fyret fyrer dei først i omnen og varmar kvitlar brunsvidde før dei legg dei rundt broren, les i almanakken om oppliving av drukna. Glovarm mjølk får til slutt guten til å kaste opp, han livnar til. I mellomtida har søstrene også stelt og trøysta to mindre søsken, men no begynner det å mørkne, og endå ei livsviktig oppgåve må utførast. Fyret – som skal leie skip og fiskebåtar trygt i hamn – det må tennast. Og jentene greier det også – og først klokka fire om natta, 25 timar etter dei såg far forlise – kan dei sleppe gråten laus. Ved middagstider dagen etter får dei vinka nokre krabbefiskarar til seg, dei hentar mor, og jentene kan sjølv få omsorg og trøyst. Men då hadde dei alt utretta vaksne «karsverk».

Ei heltinne frå Jølster kan vi studere på det neste bildet. Kvinna i den raude kjolen er Engel Astrup frå Indre Sunde, her i tunet på Sandalstrand. Då utgjevaren av

Flatholmen fyr var utgangspunkt for redningsaksjonen som Bertine og Ester Olsen sto føre i 1894.

Rolfsens lesebøker ville gjere ære på Ivar Aasen med eit bilete, valde dei dette då dei trykte «Nordmannen». Og sjølv om der er nokre mil før ein er ut med havet, så høver songen godt på Astrup-familien: «Millom bakkar og berg (...), der han sjølv heve tuftene grave og sett sjølv sine hus oppå deim. (...) og når netter er ljose som dagar, kan han ingen stad venare sjå.»

Dagane var nok ikkje alltid «ljose» for Engel Astrup (1892–1966). Ofte var det pengesorger medan kunstnararen levde, og i 1928 sat ho att som enkje med åtte born mellom to og sytten år. Men ho heldt liv i seg og sine som småbrukar og kunsthandverkar, fekk utstilt handtrykte tekstilar i Bergen Kunstforening i 1939, og i år har vi også fått utstilt arbeid av henne i heimen hennar, Astruptunet. I Jølst neste år må einkvan som har kunnskap og evne til det, reise ein skriftleg bauta over Engel.

Attende til jølstringen som gav meg skulderklapp for «skrivetimen» med høgtlesing. Rosen sender eg vidare til Nordahl Rolfsen og kunstnarane hans. Med ord og bilete har dei rørt hjarta våre, og lært oss vere stolte av vår «heimlege strand.»



Engel Astrup er også med i lesebøkene gjennom Astrup-tresnittet «Frå Sandalsstrand».

Kjelder:

Egil Børre Johnsen *Med Nordahl Rolfsens ord* (135 s.)

Egil Børre Johnsen *Fola, fola Blakken En biografi om Nordahl Rolfsen* (467 s.)

Nasjonalbiblioteket.no (Her kan du finne dei fleste av Rolfsens lesebøker opp gjennom tidene, og du kan finne gamle skulebøker – Landkunna, Folket vårt gjennom tidene, osv.)

NYHEIT Premium WiFi




8/10
MEGET BRA
TEK.NO

33

TRÅDLAUST INTERNETT I HEILE BUSTADEN DIN

Slit du med WiFi? Har du opplevd at det trådlause internettet ikkje er stabilt og raskt i heile huset? No har vi løysinga.

Med Premium WiFi Bustadpakke får du 3 boksar som gjev deg stabilt internett med høg hastigheit som når ut til heile huset.



Lurer du på noko eller ønsker du å bestille?



Gå inn på enivest.no/premium-wifi
eller ring kundeservice på 57 00 91 00

NB! For å kunne bestille Premium WiFi må du ha eit internettabonnement som er tilknytt Enivest.



ENIVEST
Nett der du er

Håvard Rem på vitjing i Astruptunet

Av Hallstein Dvergsdal



34

Håvard og Simen Rem i Kjøkenstova, i stilleben-motivet som vart attskapt i full skala på utstillinga i Emden
Foto: Hallstein Dvergsdal.

Multikunstnaren Håvard Rem var sist vinter i Jølster i regi av «Rom for ord». I lag med sonen Simen presenterte Rem programmet Dylan, Cohen og Gud, ei musikalsk reise gjennom liva til songpoetane Leonard Cohen og Bob Dylan.

Dagen etter at han hadde gjennomført konserten på Jølstramuseet, var Håvard Rem ein snartur i Astruptunet. Han vart imponert av det han såg, så imponert at han skreiv eit dikt om kunstnarheimen etter oppfordring frå «Jølst».

Unikt

– Eg har vore i mange opne kunstnarheimar rundt om i verda, men aldri sett noko liknande, sa poeten og forfatteren etter besøket i Astruptunet.

Sitt første møte med Astrup fekk Rem i Oslo for rundt 40 år sidan på besøk hos Astrup-venen og kunstnaren Hans Henrik Holm. Der hang det eit stort oljemaleri, ein av dei mange jonsokbål-variantane, og det var ingen reproduksjon. Det var ein lys levande Astrup-original, og måleriet gjorde inntrykk på den unge forfatterspiren som var i Oslo for å lansere si første bok.

Det var såleis spesielt for Rem å komme til staden der

Astrup levde og arbeidde heile sitt vaksne, korte liv. Han vart imponert over både naturen og utsikta i Astruptunet, men kanskje aller mest over levevilkåra kunstnarfamilien på Sandalsstrand hadde.

– Det kunne ikkje vere enkelt å vere bonde her, men vakkert er det. For eit gull de sit på med dette tunet, det er unikt, sa Rem, som, hadde det ikkje vore for at flyet tilbake til Oslo venta, nok hadde brukt lenger tid i Astruptunet.

Spesielt

– Dette var verkeleg ei spesiell oppleving, sa Cohen-tolkaren då han sto i atelieret til den store Nikolai og såg ut over Jølstravatnet, med «Isdronninga» kneisande i bakgrunnen. Og han måtte sjølvsgagt også seie noko om Leonard Cohen.

– Då eg miste far min i ung alder, var det til stor trøyst å låse seg inn på rommet og lytte til Cohen, forklarte Rem om grunnen til at «Cohen berga livet mitt som ung gut», ei utsegn han ein gong kom med i eit avisintervju. Slik avslutta mannen som var imponert av rammene han og sonen fekk på Jølstramuseet, og av eit svært lydhyørt publikum i Astrup-bygda.



Interiør frå Astruptunet. Foto: Håvard Rem.

Astruptunet Av Håvard Rem

Den gong eg vaks opp på Agder
var slektsnamnet ditt av dei fine
Hadde dei namnet ditt, hadde dei råd
til deg på veggane sine

Eg såg deg i hovudstaden
då eg kom med den fyrste av bøkene
Hjå ein diktar på Karl Johan
hang Jonsokbål på kjøkenet

Det synte ein gut som såg
at dei andre song og prata
Det flamma i fargar frå Freia-uret
på hi side av gata

Hans Henrik likte gáva
Han ville gje noko att
Du døydde før han fekk ferdig
diktboka Jonsoknatt

Du var mest hundre og førti år
hadde du levd i dag
Det var på nippen at du og eg
hadde ein ven i lag

Eg drog dit han pla å draga
Eg kom som dreng til Breim
Gardskona synte meg Jølster
Din og hennar heim

Engel vart enkje med åtte born
Garden var liten og bratt
Somme vart skilte av krigen
Fredsvåren møttest dei att

Eit par hadde vorte raude
Eit par hadde vorte brune
Dei møttest og slost til dei rulla ned
det stupbratte Astruptunet

Når Ijaset frå Jølster har gjesta
England, Sveits og Moldova
vender det heim for å verta filtrert
i Engels gardiner i stova



AUDHILD VIKENS AS
Skei 57 72 81 25 • Førde 57 82 00 84

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

graving • sprenging
transport
singel • grus og pukk

6843 SKEI I JØLSTER
Mobil 95 75 96 94

coop
marked

COOP MARKED VASSENDEN

Tlf 57 72 72 00

Opningstider:
Kvardagar 08.00 – 20.00
Laurdag 08.00 – 18.00



 **sparebanken**
sogn og fjordane

Den korte vegen til full kontroll

Har du barn mellom 8 og 12 år?

Nei kan barnet få bankkort og eigen mobilbank - noko som gir full kontroll på pengebruk både for deg og barnet ditt.

ssf.no/8-12



ALF HELGHEIM & CO AS
Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølser
Tlf. 57 72 83 11 • post@alfhelgheim.no • www.alfhelgheim.no

Canon
Canonringen

Eikås Frisør

EVA ÅRSET • 6847 VASSENDEN



Timebestilling
TELEFON 57 72 75 88


Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Mobil 97 64 84 82
jarle@eikaas-skogsdrift

ENTREPRENØR

Ivar A. Sunde a/s



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72
E-post: ivar@isunde.no

Utfører alt innan tre og betong



Bakverk med tradisjon!

SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje / rullestolbil / turvogn
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei

Stein Arne Sunde As

918 94 578

Transport – Graving – Muring

Sentral godkjenning
Maskinentreprenør



**VASSENDEN
TAXI**

6847 Vassenden
Mobil 48 21 00 22

COOP MARKED SKEI

Telefon 57 72 83 77

Opningstider 9–21 (18)

BYGG MIX

Telefon 57 72 87 68

Opningstider 9–16.30 (13)

COOP

JØLSTER SA

Telefon 57 72 83 77

6843 Skei



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmepumpe luft/vatn
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiing
Baderomsmøblar

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBAKKE
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

38

Jølster Fotterapi

Eg hjelper deg med:

- Negle- og hudlidingar
- Skorelaterte fotproblem
- Råd og veiledning av sko
- Råd, øvelsar og veiledning for å gjenskape optimal bevegelse og styrke muskulaturen i foten, i individuelle avlastningar og sålar
- Førebygging av komplikasjonar, t.d. ved diabetes og revmatisme

Ira Røyseth Førde

aut. fotterapeut og biomekanisk terapeut med høgskuleutdanning innan sko, bevegelse og helse



Vikavegen 1, 6843 Skei
Tlf. 990 26 833



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

Helgheim, 6843 Skei i Jølster

Tlf. 952 00 433

post@ottadvergsdal.no

6843 SKEI

nordfjord *Naturstein av høg kvalitet* SKIFER

www.nordfjordskifer.no

Jølster
Betongbygg a.s



Tlf. 57 72 70 18
Mob. 908 83 940



JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 68 90
www.jolsterbil.no



KJØSNES
FERIEHYTTER

www.kjosnes.no
Tlf. 97 01 92 86

SPAR  **Jølstraholmen**

Ope: Mandag-fredag 07-23 • Laurdag og søndag 08-22

Jølstringen kafe

Ope:
Mandag-fredag 07-23
Laurdag og søndag 08-22

<https://spar.no/Finn-butikk/SPAR-jostraholmen/> for meir info

 **elfag**

Årdalsbakke Elektro AS

Vikavegen 104, 6843 Skei i Jølster
www.aardalsbakke.no



elfag.no - Når du treng elektrisk





Denne plakaten fekk Eirik Hjelmbrekke til 70-årsdagen sin.

Kr 100,- ISSN 0801-9592



9 770801 959319